



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen Herøy rådhus
Dato: 31.01.2019
Tid: 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Til slutt i møtet:
Avslutting av etikkprosjektet – Etikktvalet v/leiar Jens Terje Johnsen

Fosnavåg, 24.01.2019

Camilla Storøy
varaordfører

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 2/19	Protokoll frå førre møte.
PS 3/19	Delegerte saker
PS 4/19	Referatsaker
PS 5/19	Herøy Vasslag SA - Søknad om kommunal lånegaranti, stor kr 5.500.000,-, for utbygging av vassforsyning til Bø og Sande
PS 6/19	Forprosjekt: Utdjuping av Fosnavåg hamn
PS 7/19	Grunnerverv Nørvåg- kjøp av grunn i samband med opprustning veg og bru
PS 8/19	Grunnkjøp Myrvåg
PS 9/19	Økonomisk avslutning av prosjekt 51210 - Myrabakken bustadfelt
PS 10/19	Fast driftstilskot til Sunnmørsjekta "Anna Olava"
PS 11/19	Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern. Tilsyn og oppfølging
PS 12/19	Herøy kulturskule - rammeplan
PS 13/19	Fritak frå politiske verv - Terje Krogset
PS 14/19	Busetjing av flyktningar i 2019
PS 15/19	Samanslåing av Stiftinga Sunnmøre Museum og Stiftinga Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal

Delegerte saker frå avdelingane:

DS 1/19	Handelsbygg Holding as - 38/2 - IG 2 Råbygg
DS 2/19	Ferdigattest - 30/129
DS 3/19	Villa Smolt as - 60/426 - Tilbygg
DS 4/19	Frøystad grendalag 20/43 - Ferdigattest
DS 5/19	Tømrer Prosjekt AS 29/346 - Ferdigattest
DS 6/19	Gunnar Aspevik 48/86 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 7/19	Hildur Lilleøy 56/8 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 8/19	Villa Smolt AS 60/349 - Midlertidig bruksløyve for deler av bygg
DS 9/19	Rune Herskedal 4/253 s.nr. 1 - Ferdigattest
DS 10/19	Lars Gunnar Larsen - 53/5 - Marina anlegg 38 båt plassar
DS 11/19	Ferdigattest - 12/187 - vassmålerhus
DS 12/19	Ferdigattest - fritidsbustad - 44/129
DS 13/19	Herøy kommune - 34/84 - Demontering løfteplattform
DS 14/19	Aud Karin pettersen - 60/262 - tilbygg
DS 15/19	Øyvind Sørensen - 83/25 - skorsteinsrehabilitering
DS 16/19	Ferdigattest - 34/84 - rullestolrampe
DS 17/19	Ferdigattest - 60/454 - oppdimensjonering anlegg overvatn
DS 18/19	Olav Ståle Voldsund - 26/8 - Fasadeendring
DS 19/19	Herøy kommune - 29/162 - Frådeling av tilleggsareal
DS 20/19	Hildur Lilleøy 56/8 - Ferdigattest
DS 21/19	Hjalmar Jacobsen 60/152 - Løyve til rehabilitering av skorstein
DS 22/19	Ferdigattest - 60/247
DS 23/19	Ferdigattest skorsteinrehabilitering - 83/25
DS 24/19	Ferdigattest - tilbygg- 14/31
DS 25/19	Herøy kommune - 22/38 - Planering av tomt
DS 26/19	Vegard Fiksdal og Ingvill Frantzen - 22/72 - Frådeling
DS 27/19	Ferdigattest riving av løde - 15/14
DS 28/19	Ferdigattest - 40/82 - einebustad 84A
DS 29/19	Anita Lynge Gjøringbø - 44/19 - riving del av bygg
DS 30/19	Ferdigattest - tilbygg/garasje - 87/11+12
DS 31/19	Thomas Spiro - 13/114 - Einebustad
DS 32/19	Myrvåg helsesenter AS 45/142 45/116 Tiltak

- natursteinsmur/betongkant - løyve til tiltak
- DS 33/19 Per Hugo Torvik 24/100 - Einebustad - løyve til tiltak
- DS 34/19 Tildeling av prikkar ved oktoberfestivalen.
- DS 35/19 Serverings- og/eller skjenkebevilling - Sofram Takeawaycatering
Hüseyin Kadir Dikbas
- DS 36/19 Godkjenning av Styrar for salsløyve- Kiwi Eggesbønes
- DS 37/19 Henry Steinsvik 44/1 Deling av grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 38/19 Kay Terje Myklebust m/fl. 29/13 Deling grunneigedom - løyve til tiltak
- DS 39/19 Magnus Enerhaug 76/32 Tiltak - garasje - løyve til tiltak
- DS 40/19 Kjartan Sundnes 17/3 Tiltak driftsbygning - endring av gitt løyve
- DS 41/19 Herøy byggsenter AS 36/97 seksjon 9 - ferdigattest
- DS 42/19 Astorplast AS 22/66 Tiltak tilbygg - ferdigattest
- DS 43/19 Marine Harvest AS 38/8 utviding trafikk- og parkeringsareal - igangsettingløyve del 2
- DS 44/19 Sævik Invest AS 33/30 Deling grunneigedom - løyve til frådelling etter pbl
- DS 45/19 Per Mulvik AS 86/52 - rammeløyve - ferdigattest riving

Referatsaker:

- RS 1/19 Vedtak frå Volda kommunestyre - Søre Sunnmøre Tingrett - Domstolgrense
- RS 2/19 Vedtak - Samferdselspakke Volda og Ørsta

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 2/19 Protokoll frå førre møte.

PS 3/19 Delegerte saker

PS 4/19 Referatsaker



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2019/48
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
6/19	Formannskapet	22.01.2019
5/19	Kommunestyret	31.01.2019

HERØY VASSLAG SA - SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI, STOR KR 5.500.000,-, FOR UTBYGGING AV VASSFORSYNING TIL BØ OG SANDE

Møtebehandling:

Solveig Båtsvik reiste habilitetsspørsmål då ho er styremedlem i Stemmedalen Vasslag.

Solveig Båtsvik vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 22.01.2019

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 5,0 mill kr som Herøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til utbygging av vassforsyninga til Bø og Sande.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 5,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (5,0 mill kroner + 10 % - totalt 5,5 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Herøy kommune ynskjer på litt sikt ei samanslåing av vasslaga i kommunen og ynskjer at vasslaga jobbar vidare med det framover. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.

Tilråding:

5. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 5,0 mill kr som Herøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til utbygging av vassforsyninga til Bø og Sande.
6. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 5,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (5,0 mill kroner + 10 % - totalt 5,5 mill kr).
7. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 20 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
8. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Herøy kommune ynskjer på litt sikt ei samanslåing av vasslaga i kommunen og ynskjer at vasslaga jobbar vidare med det framover. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.

Særutskrift:

- Herøy Vasslag SA, Kvithaug Smyra 71, 6092 Fosnavåg
- Kommunalbanken, postboks 1210 Vika, 0110 Oslo
- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest kontrollutvaldsdistrikt,
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

- Søknad om kommunal lånegaranti datert 09.01.2019
- Utbyggingsavtale med Bø og Sande grendalag
- Søknad om lån til Kommunalbanken AS
- Estimat utbyggingskostnader med prosjektet og finansieringa av det
- Årsmelding 2017
- Rekneskap 2017
- Førebels rekneskap 2018
- Budsjett utbyggingsprosjekt 2019-2023

Samandrag av saka:

Bø og Sande har fram til no ikkje hatt noko organisert vassforsyning. No går Bø og Sande grendalag og Herøy Vasslag SA saman for å gi husstandane i området ei betre og meir forutsigbar vassforsyning til ein samla pris på om lag 8,0 mill kr. Det er også slik at ei utbygging som er skissert i saka med vedlegg vil betre brannberedskapen i området. Ein føresetnad for denne utbygginga er at Herøy kommune garanterer for eit låneopptakt på 5,0 mill kr.

Saksopplysningar:

I K-sak 121/15 vedtok Herøy kommunestyre å yte ein lånegaranti på 30,0 mill kr + 10% til Herøy Vasslag SA i samband med mange ulike investeringsprosjekt Herøy Vasslag hadde bygd ut, var i ferd med å bygge ut og som dei hadde planar om å bygge ut. Alle desse investeringane er no slutført.

No søker Herøy Vasslag SA om ein ny kommunal lånegaranti på 5,0 mill kr for å bygge ut vassforsyninga til Bø og Sande. Denne delen av kommunen har per i dag berre private løysingar, som eigne brønner, vassuttak frå elv/bekk, grunnboring etc.

Desse tiltaka er omfatta av søknaden:

Grøft og rør frå

- Torvik til Arhaug ca 5,0 mill kr
- Byggefelt til VK6 – 0,9 mill kr
- VK6 til Bø grendahus – 0,3 mill kr
- Bø grendahus til Sande – 0,8 mill kr
- Skiftet til Ytre Bø – 0,5 mill kr

Totalkostnaden er stiiplert til nær 7,5 mill kr der forventta anleggsbidrag og eigenkapital finansierer 2,5 mill kr av denne investeringa.

Leidningsnett har normalt ei avskrivningstid på 40-50 år, så ei planlagd nedbetaling over 20 år ligg godt innanfor gjeldande lovverk.

Med ei nedbetalingstid på 20 år vil årlege avdrag utgjere omlag kr 250.000,-. I tillegg kjem rentekostnadane som vil utgjere omlag kr 115.000,- gitt ei rente på 2,3% p.a. Sidan dette vert å sjå på som eit nytt forsyningsområde kan ein ikkje belaste eksisterande abonnentar for kostnadane og alle som knyt seg til nye vassforsyningsområdet må betale eit anleggsbidrag i tillegg til andelsinnskott til Herøy Vasslag SA.

Kommunal lånegaranti

Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

"Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier». Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

«Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varigheit. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa vekta gjennomsnittleg levetid for dei arbeida som er utført.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Herøy Vasslag SA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar Bergsøya, Leinøya og Remøya. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primæroppgåve og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som vasslaget tek opp har ei vekta løpetid på om lag 20,0 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta som seier at nedbetlingstida maksimalt kan vere på 40 år.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primæroppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følge av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti

Herøy kommune har per i dag garantert for 8 aktørar. Opprinneleg garantiansvar er 142,2 mill kr + 10%. Per 31.12.2018 utgjør garantiansvaret om lag 112,4 mill kr + 10%. Lånegarantien for barnehagar utgjør per dato om lag 6,45 mill kr, vassverk om lag 62,07 kr og aksjeselskap der kommunen er hovudsksjonær om lag 43,9 mill kr.

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 5,0 mill kr +10%. Vassforsyning er ei kommunal primæroppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga til sine innbyggjarar er tilfredsstillande.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 5,0 mill kr +10% i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 117,4 mill kr + 10%.

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Brannberedskapen i området vil utvilsomt bli mykje betre når leidningsnettet er klart til bruk. Sikrere vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:

Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største.

Andre konsekvensar

Herøy kommune har fleire private vasslag i kommunen og på sikt er det ein føremon om desse slår seg saman til større einingar. No er det imidlertid slik at vassverka har eit visst samarbeid, bl.a. knytt til beredskap og forsyning noko ein ser på som positivt.

Fosnavåg, 14.01.2019

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY VASSLAG SA

Kvithaugsmyra 71
6092 Fosnavåg



Org.nr. NO 956 668 824 MVA
Tlf/faks. 70 08 33 80
Vakttelefon 91 18 33 88
E-post: post@heroy.vasslag.no
Heimeside: www.heroyvasslag.no

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

SØKNAD OM KOMMUNAL GARANTI FOR LÅN I KOMMUNALBANKEN.

Bø og Sande Grendalag har henvendt seg til Herøy Vasslag med spørsmål om vassforsyning til grenda. Dette er ei bygd med ca. 100 eigedomar i dag, som er forsynt med drikkevatn frå egne brønningar av ulike slag. Det har i fleire år vore arbeid for å få etablert nytt byggefelt i bygda som er ferdig regulert med 20 nye tomter, men ikkje kan byggast ut utan at det vert etablert sikker vassforsyning til det nye byggefeltet.

HV. Har stilt seg positiv til utbygging men stilt som krav at eksisterande busetnad i bygda skal kople seg til HV. sitt leiðningsnett når dette er på plass. Ein stor del av eksisterande eigedomar har akseptert dette og styret har inngått utbyggingsavtale med Bø og Sande grendalag. Herøy kommune har vedteke å starte utbygging av infrastruktur i det regulerte byggefeltet.

Sidan dette vert å sjå som eit nytt forsyningsområde kan vi ikkje belaste eksisterande abonnentar med kostnadane, og alle som knyter seg til det nye vassforsyningsnettet skal betale eit anleggsbidrag i tillegg til andelsinnskot til Herøy Vasslag SA som del av finansieringa.

Vi ser imidlertid at det vil ta tid før alle eksisterande og nye eigedomar vil knyte seg til fordi dei har investert store summar i eiga vassforsyning og vi er derfor avhengig av ekstern finansiering slik at dette ikkje går utover vedlikehaldsprogrammet for eksisterande leiðningsnett i HV sitt forsyningsområde.

Vedlagte kostnadsoverslag syner totale kostnader for heile prosjektet på kr. 7 480 000,-
Forventa anleggsbidrag i 2019/20 er kr. 1 680 000,-. Med eigen finansiering på kr. 800 000,-
er det behov for ekstern finansiering på kr. 5 000 000,-

Vi søker Kommunalbanken om eit lån på kr. 5 000 000,- «fem millionar kroner» med avdragstid på 20 år under føresetnad av kommunal garanti frå Herøy kommune

Vi søker hermed om at Herøy kommune garanterer med sjølvskyldnargaranti for lån kr. 5 000 000,- - fem millionar kroner, som Herøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken for finansiering av utbygging av vassforsyning til Arhaug, Bø og Sande.

Ein slik kommunal garanti er mest av formell karakter, då risikoen for at eit garantiansvar skal bli gjort gjeldane er mikroskopisk.

Det er abonnentane som skal betale for alle kostnader knytt til vassforsyninga.

Fosnavåg 9. januar 2019

Venleg helsing
Herøy Vasslag SA

Per-Arne Gjerdsbakk

styreleiar

Vedlegg:

1. Utbyggingsavtale med Bø og Sande grendalag
2. Kalkyla over prosjektet
3. Kopi av lånesøknad til Kommunalbanken

HERØY VASSLAG BA

Kvithaugsmyra 71
6092 Fosnavåg



Org.nr. NO 956 668 824 MVA
Tlf/faks. 70 08 33 80
Vaktttelefon 91 18 33 88
E-post: post@heroy.vasslag.no
Heimeside: www.heroyvasslag.no

UTBYGGINGSAVTALE VASSFORSYNING TIL BØ OG SANDE.

Bø og Sande Grendelag har teke initiativ for å få sikker og god vassforsyning til Bø og Sande, noko som er avgjerande for vidare utvikling i bygda og for etablering av nytt byggefelt.

Vassforsyninga i Bø og Sande er i dag basert på private brønnar og tilfredstiller ikkje dagens krav til trygg og god vassforsyning eller brannvatn,

All infrastruktur til vassforsyning skal finansierast etter sjølvkostprinsippet og det er abonnentane eller utbyggar av nye byggefelt som må bere kostnadane med utbygging av infrastrukturen. Herøy Vasslag overtek anlegget med driftsansvar og vedlikehald når anlegget er ferdig og godkjent av Vasslaget. (Sjå Plan og Bygningslova § 18-1)

Kostnadane med infrastrukturen vert delt på tomtene/eigedomane som skal knyte seg til vasslaget sitt leidningsnett ved å betale andelsinnskot og årlege gebyr som dekkjer forbruk, drift og vedlikehald.

Bø og Sande må sjåast som ei bygd på lik line med alle andre bygder som historisk har vore med på etablering og utvikling av dagens Herøy Vasslag SA.

Utbyggingskostnadane for leidningsnett frå siste abonnent i Torvik til Bø/Sande må delast på eksisterande og regulerte/potensielle eigedomar, etter same prinsipp som ved utbygging av byggefelt.

Herøy Vasslag tek på seg planlegging og gjennomføring av utbygginga etter godkjende planar i samarbeid med Mørenett.

Samla utbyggingskostnader vert fordelt likt på eksisterande eigedomar med behov for vatn og planlagde/regulerte tomter, slik at alle eigedomar skal betale likt anleggsbidrag.

Anleggsbidraget er fastsett til kr. 35 000,- inkl. meirverdiavgift.

Før utbygging vert oppstarta må det inngåast bindande avtalar med minimum 60 av dei eksisterande eigedomane. I tillegg kjem planlagt byggefelt på Arhaug.

50% av anleggsbidraget skal innbetalast ved byggestart frå Arhaug og 50% ved ferdigstilling av anlegget.

Innbetaling av andelsinnskot kr. 10 000,- vert kravd før tilkopling av vatn.

Investeringa som fell på framtidige abonnentar vert finansiert av Herøy Vasslag med låneopptak i Kommunalbanken mot kommunal garanti.

Framtidige abonnentar skal betale same anleggsbidrag som dei som koplars seg på frå første dag, tillagt årlege rentekostnader.


Fosnavåg 13.12.2018

Herøy Vasslag SA


Per-Arne Gjerdsbakk

styreleiar

Bø og Sande Grendelag


Runar Olsen

styreleiar

Herøy Vasslag SA

Kvithaugsmyra 71
6092 Fosnavåg



Kommunalbanken Norge
Haakon V11s gate 5B
Postboks 1210 Vika
0110 OSLO

Søknad om Lån med kommunal garanti.

Herøy Vasslag SA har ansvaret for vassforsyninga i store delar av ytre Herøy kommune, Bergsøy, Leinøy, Remøy, med tilstøytande områder, totalt 2 500 abonnentar. Fiskeindustrien står for 25% av vassforbruket og 32% av gebyrinntektene til Vasslaget.

Vasslaget vart skipa i 1968 som Bergsøy Vasslag og har sidan fusjonert med Svartevatnet Vasslag og Sævik Vasslag og endra namn til Herøy Vasslag SA.

Bø og Sande Grendalag har henvendt seg til Herøy Vasslag med spørsmål om vassforsyning til grenda. Dette er ei bygd med ca. 100 eigedomar i dag, som er forsynt med drikkevatt frå eigne brønner av ulike slag. Det har i fleire år vore arbeid for å få etablert nytt byggefelt i bygda som er ferdig regulert med 20 nye tomter, men ikkje kan byggast ut utan at det vert etablert sikker vassforsyning til det nye byggefeltet.

HV. Har stilt seg positiv til utbygging men stilt som krav at eksisterande busetnad i bygda skal kople seg til HV. sitt leidningsnett når dette er på plass. Ein stor del av eksisterande eigedomar har akseptert dette og styret har inngått utbyggingsavtale med Bø og Sande grendalag. Herøy kommune har vedteke å starte utbygging av infrastruktur i det regulerte byggefeltet.

Sidan dette vert å sjå som eit nytt forsyningsområde kan vi ikkje belaste eksisterande abonnentar med kostnadane, og alle som knyter seg til det nye vassforsyningsnettet skal betale eit anleggsbidrag i tillegg til andelsinnskot til Herøy Vasslag SA som del av finansieringa. Vi ser imidlertid at det vil ta tid før alle eksisterande og nye eigedomar vil knyte seg til fordi dei har investert store summer i eiga vassforsyning og vi er derfor avhengig av ekstern finansiering slik at dette ikkje går utover vedlikehaldsprogrammet for eksisterande leidningsnett i HV sitt forsyningsområde.

Vedlagte kostnadsoverslag syner totale kostnader for heile prosjektet på kr. 7 480 000,-
Forventa anleggsbidrag i 2019/20 er kr. 1 680 000,-. Med eigen finansiering på kr. 800 000,- er det behov for ekstern finansiering på kr. 5 000 000,-

Vi søker Kommunalbanken om eit lån på kr. 5 000 000,- «fem millionar kroner» med avdragstid på 20 år under føresetnad av kommunal garanti frå Herøy kommune
Bed om snarleg tilbakemelding, også om det er andre opplysningar de treng.

Fosnavåg 9. januar 2019

Vennleg helsing
Herøy Vasslag SA

Per-Arne Gjerdsbakk
styreleiar

Vedlegg:

Kostnadsoverslag
Utbyggingsavtale med Bø og Sande grendalag
Vedtekter
Rekneskap for 2017
Årsmelding for 2017

13.12.2018

Totalt antal kundar og andelar					2014	Forbruk	Sum		
Tariff	Abonnent 13.12.2018	Kundar 03.11.16	13.12.2018	Gebyr 2019	Sum året	Kundar	auke	m3	Forbruk m3
101	bustad <150 m2	590	712	2 834	2 017 808	550	40	102,6	60534
102	Bustad 151-299 m2	1069	1074	3 636	3 905 064	1059	10	190,8	203965,2
103	Bustad >300 m2	186	185	4 848	896 880	177	9	324	60264
111	Hytter, fritidsbolig, rorbu <150 m2	56	57	2 367	134 919	51	5	51,3	2872,8
112	Hytter, fritidsbolig, rorbu 150-299 m2	25	28	2 768	77 504	23	2	95,4	2385
113	Hytter, fritidsbolig, rorbu >300 m3	1	1	3 374	3 374	1			
121	Einsleg pensjonist <150 m2	75	91	2 367	215 397	72	3	51,3	3847,5
122	Einsleg pensjonist 151-299 m2	113	107	2 768	296 176	111	2	95,4	10780,2
123	Einsleg pensjonist >300 m2	1	2	3 374	6 748	2	-1	162	162
	Sum Private bustadar	2116	2257		7 553 870	2046	70		344810,7
150	Naust til fiskerelatert bruk	79	96	550	52 800	79	0	18	1422
							0		
201	Næringseigedom <200 m2	96	94	3 829	359 926	98	-2	135	12960
202	Næringseigedom 201-500 m2	60	59	5 172	305 148	55	5	283	16980
203	Næringseigedom 501-2000 m2	42	45	9 905	445 725	36	6	803	33726
204	Næringseigedom 2001-4000 m2	11	11	21 109	232 199	9	2	2034	22374
205	Næringseigedom 4001-5500 m2	4	4	39 955	159 820	2	2	4105	16420
	Sum Næring u målar	213	213		1 502 818	200	13		102460
1020	Vassmålar m/målarleige	24	25	850		23	1		
1060	Vassmålar u/målarleige	3	3	850		3	0		420000
	Forbruk målarabonenetar (2015)		380000	9,10	3 458 000				
	Sum Næring m/målar	27	28	0	3 458 000	26	1		420000
				0			0		
	Totalt Utan naust	2356	2498		12 567 488	2351	5		
	Avlesingsgebyr	23	21	850	17 850	21	2		
							0		
							0		
	Totalt inntekter				12 585 338		0		868692,7

Budsjett 2019

Herøy Vasslag SA

Budsjettkontroll 31.12.18		Budsjett	Rekneskap	Budsjett		
		2018	31.12.2018	Avvik	2019	
				mot Årsbudsjett		
Driftsinntekter og driftskostnader						
Driftsinntekter						
kto.	3020	Vassavgift bustadar/naust	6 969 596	7 064 111	-94 515	7 606 670
	3021	Vassavgift næring	1 440 750	1 439 603	1 147	1 502 818
	3022	Vassavgift målt forbruk	3 249 966	3 773 465	-523 499	3 458 000
	3023	Gebyr målaravlesing	13 500	12 150	1 350	17 850
		Sum vassavgifter	11 673 812	12 289 329	-615 517	12 585 338
	3030	Salsinntekt, tenester Stemmedal	360 000	419 240	-59 240	150 000
	3031	Salsinntekter Rekneskapsføring andre	126 000	123 662	2 338	130 000
	3070	Kostnadsfordeling		22 250	-22 250	
	3200	Salsinntekter utanfor avg. Område		347	-347	
	3401	Administrasjonsinntekt		2 186	-2 186	
	3900	Renteinntekter kunder		3 015	-3 015	
		Sum andre driftsinntekter	486 000	570 700	-84 700	280 000
		Sum driftsinntekter	12 159 812	12 860 029	-700 217	12 865 338
	5000	Lønninger fast tilsette + styret	1 980 000	2 063 185	-83 185	2 400 000
	5010	Feriepengar	237 600	238 090	-490	288 000
	5400	Arbeidsgiveravgift	277 200	194 969	82 231	254 400
	5410	AGA av påløpne feriepengar	36 036	33 571	2 465	30 528
	5900	Gåve til ansatte	1 500	2 038	-538	2 000
	5910	Div. Personalkostnader		0	0	
	5920	yrkesskadeforsikring	9 000	8 651	349	9 000
	5950	Obligatorist tenestepensjon	39 600	33 512	6 088	96 000
		Lønnskostnad	2 580 936	2 574 016	6 920	3 079 928
	6100	Frakt og forsendelsesutgifter		1 396	-1 396	
	6200	El kraft	160 000	189 081	-29 081	180 000
	6320	Komm.avg./renhold	15 000	13 532	1 468	15 000
	6360	Vask kontor og garderober	40 000	36 487	3 513	40 000
	6390	Andre kostnader lokale	5 000	12 452	-7 452	10 000
	6400	Leige maskiner	20 000	13 655	6 345	14 000
	6420	Lisens Regnskapsprogram	25 000	13 089	11 911	25 000
	6430	Vedlikehald programvare (lisensar)	160 000	137 993	22 007	150 000
	6450	Medlemskontingentar	27 000	30 338	-3 338	30 000
	6510	Håndverktøy	5 000	2 373	2 627	5 000
	6540	Verky/utstyr/inventar	30 000	3 691	26 309	25 000
	6550	Driftsmateriell	5 000	1 998	3 002	5 000
	6560	Rekvisita	5 000	0	5 000	2 000
	6570	Arbeidsklær og verneutstyr	15 000	7 454	7 546	15 000
	6590	Anna driftsmateriell			0	
	6600	Reparasjon/vedlikehald bygningar	25 000	58 943	-33 943	250 000
	6620	Rep./vedlikehald Vannbehandling	600 000	889 087	-289 087	800 000
	6621	Drift vedlikehald ledningsnett	2 500 000	3 174 818	-674 818	2 500 000
	6622	Vannmålere		55 269	-55 269	0
	6700	Revisjon	45 000	44 000	1 000	45 000
	6710	Næringsmiddelkontroll	175 000	147 399	27 601	175 000
	6720	Juridisk bistand	10 000	40 500	-30 500	50 000
	6730	Konsulenttenester	15 000	0	15 000	0
	6731	Konsulenttenester Vassforsyning	100 000	117 900	-17 900	100 000
	6740	Tilsynsavgift Radiokomm. Damsikring	50 000	73 900	-23 900	50 000
	6750	Bedriftshelseteneste	10 000	8 321	1 679	10 000
	6790	Andre fremmede tenester		0	0	
	6800	Kontorutstyr og rekvisita	10 000	9 733	267	10 000
	6840	faglitteratur, aviser	7 500	3 271	4 229	7 500
	6860	Møte, kurs, oppdatering	25 000	18 091	6 909	25 000
	6890	Datautstyr	15 000	18 067	-3 067	20 000
	6900	Telekommunikasjon/Data	60 000	81 877	-21 877	70 000
	6901	Alarm og overvaking	0	25 671	-25 671	10 000

6940	Porto	36 000	33 425	2 575	36 000
7000	Drivstoff	12 000	10 677	1 323	12 000
7020	Vedlikehald bilar	15 000	11 682	3 318	15 000
7040	Forsikring, årsavgift	18 000	16 758	1 242	25 000
7100	Bilgodtgjerdsl	2 000	756	1 244	1 000
7112	Bilgodtgjerdsl oppgavepliktig		78	-78	0
7140	Reisekostnader ikke oppg.pliktig	5 000	4 858	142	5 000
7150	Diettkostnader	3 000	0	3 000	0
7160	Diettkostnader ikkje skattepliktig			0	0
7320	Annonsering	5 000	10 797	-5 797	15 000
7420	Gåver frådragsberettiga	2 000	800	1 200	2 000
7500	Forsikringspremiar	45 000	45 685	-685	45 000
7710	Møtekostnader		3 931	-3 931	5 000
7746	Øreavrunding avgiftsfri		-10	10	
7770	Bankgebyr	20 000	16 348	3 652	20 000
7771	Gebyr faktura/Adm		65	-65	
7780	Renter og Gebyr inkasso		141	-141	
7790	Andre kostnader			0	
7820	Innkome på tidlegere nedskrivne fordringar			0	
7830	Tap på krav, realiserte		124	-124	
	Sum andre driftskostnader	4 322 500	5 386 501	-1 064 001	4 819 500
	Sum Driftskostnader	6 903 436	7 960 517	-1 057 081	7 899 428
	Driftsresultat før avskrivningar	5 256 376	4 899 512	356 864	4 965 910
	Ordinære avskrivningar	3 500 000	3 500 000	0	
	Driftsresultat	1 756 376	1 399 512	356 864	4 965 910
8010	Renteinntekter bank				
8050	Annan renteinntekt	5 000	4 880	120	5 000
8070	Purregebyr	20 000	36 469	-16 469	35 000
8090	STENGEVARSEL	5 000	3 391	1 609	5 000
	Sum Finansinntekter	30 000	44 740	-14 740	45 000
8110	Rentekostnader bank	480 000	471 410	8 590	450 000
8150	Annan rentekostnad			0	
	Sum rentekostnader	480 000	471 410	8 590	450 000
	Finansresultat	450 000	426 670		405 000
	Årsresultat	1 306 376	972 842		4 560 910

Aktuelle utbyggingsprosjekt Revidert 13.12.2019			Behov							
Arstal	HOVUDLEDNINGSNETT	Dimensj.	2018	2019 - 2023	2 019	2 020	2 021	2 022	2 023	Sum
			Investering							
2018/19	Torvik - Arhaug		2 680 000	2 300 000	2 300 000					2 300 000
2019	Nørvåg frå Beddingen til Urholmen ???	200PE		1 000 000	1 000 000					1 000 000
2019	Arhaug - Bø - Sande - Ytrebø (minus anleggsbidrag)			1 500 000	1 500 000					1 500 000
2019	Sævik Ny ledning frå Even Remøy mot tunellen	200PE		1 400 000	1 400 000					1 400 000
2019	Parken - Djupedal - Huldal			2 000 000	2 000 000					2 000 000
2020	Leinevika - Bedehuset - Edin Leine			2 500 000	1 500 000	1 000 000				2 500 000
2020	Sævik Oppgradering av hovudnett 63 og 75 mm			1 500 000		1 500 000				1 500 000
2020	Igesund sanering av demningar.			1 000 000		1 000 000				1 000 000
2020	Ny ledning frå busslomma v/P.O. Berge til Berge Bedehus	315PE		4 000 000		1 000 000	3 000 000			4 000 000
2021	Frå krysset v/P.K.Frøysa til busslomma	200PE		1 500 000			1 500 000			1 500 000
2021	Ny ledn. Herøysenteret til Automarine	315PE		2 500 000			2 500 000			2 500 000
2022	Igesund, Fjerning av gamle rør.			600 000				600 000		600 000
2022	Sanering av Svartevatnet som dam			1 000 000				1 000 000		1 000 000
2022	Leine til Remøyholm (Ventar på SVV ny veg/gangveg)			5 500 000		2 000 000		3 500 000		5 500 000
2022	Utskifting frå busslomme i Flusundvegen	200PE		1 000 000				1 000 000		1 000 000
	Investering Leidningsnett		2 680 000	29 300 000	9 700 000	6 500 000	7 000 000	6 100 000		29 300 000
2019	Overvaking Driftskontroll Mørkevatnet			210 000	210 000					
2019	Ny arbeidsbil			350 000	350 000					350 000
2022	Nytt Reinseanlegg på Moltu			45 200 000			15 000 000	30 000 000		45 000 000
	Delsum Utstyr/anlegg.		0	45 760 000	560 000	0	15 000 000	30 000 000	0	45 350 000
	Sum investering/kostnad		2 680 000	75 060 000	10 260 000	6 500 000	22 000 000	36 100 000	0	74 650 000
	Finansiert av driftsinntekter		6 700 000		4 150 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000	
	Finansiert av lånekapital		-4 020 000		6 110 000	1 500 000	17 000 000	31 100 000	-5 000 000	3 590 000
	Disponibel kapital pr. 31.12.akumulert	2 600 000	7 500 000		1 390 000	-110 000	-17 110 000	-48 210 000	-43 210 000	
Normatic	Serviceavtale Driftskontroll	Fast	51 000							
Sticos	Sticos oppslag, regnskap	Fast	7 500							
Coromatic	Serviceavtale UPS	Fast	6 700							
STH	Serviceavtale Klor og Vannglas	Pr. time	12 000							
Sterner A	Serviceavtale UV anlegg	Fast	14 000							
Powel	Lisens Gemini VA og Portal	Fast	30 600							
Haugen	Leasing kopimaskin	Fast	10 200							
UniMicro	Lisens Rekneskapsprogram	Fast	20 000							
SEVI	Straumagregat	Fast	3 000							
Ancistrus	Serviceavtala basseng Moltu og Frøystad	Fast	24 800							
UMS	SMS Varsling	Fast	22 000							
Focus	Fokus Vardac og Autocad	Fast	13 000							
Stamina	Stamina Bedriftshelseteneste	Fast	7 400							
			222 200							

41000

58000

0

12000

7500

33500

77500

Produksjonskostnad av Vatn
Herøy vasslag

			m3
	Mengde vatn	2015	1 611 000
	Avskrivning Vannbehandlingsanlegg	612 730	
	Avskrivning Sjøleidningar	514 000	
	Servicavtalar vannbehandling	126 000	
6900	Telekomunikasjon	67 138	
	Lønskostnad ei stilling	900 000	
6200	Straum	140 985	
6620	rep vedlikeh. Vannbehandling	523 550	
6621	Drift Leidningsnett		
6710	Næringsmiddelkontroll	157 116	
6740	Tilsynsavgift	54 810	
		3 096 329	1,92
	Avskrivning Vannbehandlingsanlegg		
	Avskrivning Sjøleidningar		
	Servicavtalar vannbehandling	126 000	
6900	Telekomunikasjon	67 138	
	Lønskostnad ei stilling		
6200	Straum	140 985	
6620	rep vedlikeh. Vannbehandling	523 550	
6621	Drift Leidningsnett	3 289 649	
6710	Næringsmiddelkontroll	157 116	
6740	Tilsynsavgift	54 810	
		4 359 248	2,71
	Lønn ei stilling	900 000	
	Driftskostnader	4 804 901	
	Vedlikehald leidningsnett	-3 289 649	
	Avskrivning Vannbehandlingsanlegg	612 730	
	Avskrivning sjøleidningar	514 000	
		3 541 982	2,20

3 289 649



Ny sjøleidning på veg til Vågsholmen - Remøy

Årsmelding og rekneskap

2017



HERØY VASSLAG SA

48. Driftsår

Årsmøte for 2016 vart halde på Herøy Rådhus i Fosnavåg 5. mai 2017.

Etter Årsmøte har styret slik samansetjing:

		På val:
Per Arne Gjerdsbakk	Styreleiar	2018
Johan Sundnes	Nestleiar	2018
Jan Driveklepp	Styremedlem,	2018
Arne Sævik	Styremedlem,	2019
Olaug Andreassen	Styremedlem,	2019

Varamedlemar til styret:

1. Arvid Leinebø	2019
2. Geir Frits Myklebust	2019
3. Arnstein Selvåg	2018

Valnemnd for 2018:

Hans Karsten Voldsund	2018
Margareth Leinebø	2019
John Berg Nerem	2019
Lena Vågsholm Sævik	2019
Roy Arne Voldsund	2019

Ved val av valnemnd i 2018 må det gjerast loddtrekking om kven som står på val.

Revisorar:

BDO AS v/Eldar Zahl har revidert rekneskapen for 2017.

Styremøter:

Styret har i 2017 halde 6 møter og handsama 37 saker der viktigaste sakene har vore: Utbyggingsplanar og økonomi, Samarbeidsavtalar med andre vasslag og tilsetjing av felles Rekneskapsfører.


Herøy vasslag skal syte for tilfredsstillande vassforsyning til husbruk og næringsføremål i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, samt legge til rette for å bygge ut brannvatn i.h.t. ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter i laget sitt forsyningsområde.

Laget skal drivast etter sjølvkostprinsippet.

Eventuelt årsoverskot skal leggest til føretaket sin allmenne eigenkapital.

Det skal ikkje betalast renter på innskoten andelskapital eller utdelast utbytte til medlemmane.

Laget sin organisasjon:



Administrasjon:

Det er inga endring i administrasjonen i 2017.

Driftsoperatør Bjørnar Bendal har ansvar for kontroll og drift av tekniske installasjonar og oppdatering av kart og biletarkiv.

Bjørnar har i 2017 gjennomført Kurs i Lekkasjeøk.

Begge deltek i kontinuerleg oppdateringar på drift av kart og driftskontrollsystem.

Rammevilkår for drifta av Herøy Vasslag

Verksemder for vatn- og avløp er underlagt ei rekkje lover og forskrifter som regulerer og påverkar planlegging, utføring og drift av VA-anlegg. Dei viktigaste lovene og forskriftene er lista opp under. Det blir spesielt gjort merksam på at eit VA-prosjekt skal vurderast av fleire instansar.

- Lov om vassdrag og grunnvann (Vannressurslova)
- Forskrift om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg
- Forskrift om vassforsyning og drikkevatt (Drikkevannsforskrifta)
- Forskrift om brannførebyggande tiltak og tilsyn.
- Forskrift om internkontroll for å oppfylle næringsmiddeloggivningen (IK-MAT)
- Lov om kontroll med produkt og forbrukartjenester (Produktkontrolllova)
- Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Felles kommunalteknisk VA norm for Søre Sunnmøre

Beredskap og HMS:

Vasslaget si verksemd er også underlagt

- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)
- Forskrifter frå arbeidstilsynet
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)
- Forskrift om miljøretta helsevern

Beredskapsplanen og system for Internkontroll vert oppdatert ved behov, med hovudrevisjon kvart tredje år. Sist revidert i 2016.

Det er også utarbeidd Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø knytt til rammeavtalen med Aurvoll og Furesund.

H.V. er tilknytt Stamina Bedriftshelseteneste.

Tafjord Kraft har Vassdragsteknisk ansvar for Vikevatn/Igesundvatn.

Ancistrus as utfører årleg kontroll på Moltu og Frøystad høgdebasseng, og gjennomfører reingjering ved behov.

Rammeavtale med Aurvoll og Furesund sikrar tilgong på kompetanse og kapasitet for drift og vedlikehald av leidningsnettet.

Det er inngått serviceavtalar på alle tekniske anlegg som er kritiske for sikker vassforsyning.

Herøy kommune har det overordna ansvar for sikker vassforsyning i kommunen og det er inngått samarbeidsavtale mellom Herøy kommune og Herøy Vasslag som klargjer partane sitt ansvar og samarbeid om innkjøp av varer og tenester.

Samarbeidsavtalar med andre vasslag i kommunen:

Stemmedal Vasslag SA om gjensidig levering av vatn ved behov. Frå 1. september 2017 er det inngått samarbeidsavtale som omfattar overvaking og drift, vakt 24 timar 7 dagar i veka og uttak av vassprøver.

Nerlandsøy Vasslag SA om felles driftskontroll, vaktamarbeid, lekkasjesøk og uttak av vassprøver.

Kvalsvikøy Vassverk SA om uttak av vassprøver, vaktamarbeid og vedlikehald ved behov.

Rammeavtalen med Aurvoll og Furesund er utvida til å omfatte Stemmedal, Nerlandsøy og Kvalsvikøy.

Molustranda Vassverk SA om felles vasskjelde, vedlikehald av dam og veg.

Frå og med januar 2018 er det inngått avtale om felles rekneskapsfører for H.V., S.V. og N.V..

Kostnadane for rekneskapsføring vert fordelt etter medlemstal i dei tre vasslaga..

Anna utført arbeid for samarbeidande vasslag vert fakturert etter medgått tid.

SMS varsling ved ulike hendingar:

Ved avstenging av vatnet vil alle berørte abonnentar bli varsla med SMS

Alle telefonar som er registrerte på eigedomar i Herøy er omfatta av ordninga. Alle som har telefon registrert på sin arbeidsgivar må gå inn på denne heimesida å registrere telefonen på sin eigedom.

SERVICEVARSLING.NO
Innbyggerportal for vannavstengninger, strømstans, feiling, brøyting m.m

LOG-IN

FORSIDE | BRUKERE | OM OSS | KONTAKT

Planlagt vannavstengning i det område dag mellom kl. 14.00 - 16.00. Vi beklager ulempe dette medfører. Dermed du har spørsmål kontakt oss på 02888. MVA, Vann og Avløpsvesen.

“ Benyttet av offentlige og private virksomheter for publikasjon av SMS og Telefonvarslinger

SE DAGENS VARSLINGER

SE OM DU ER VARSLT

SJEKK DIN OPPFØRING

Økonomi

Oversikt over resultatutvikling:

	2017	2016	2015
Samla driftsinntekter	11 091 468	11 969 089	11 062 626
Samla driftskostnader	10 680 675	10 010 304	10 113 106
Driftsresultat	410 793	1 958 785	949 520
Netto Finansposter	- 435 292	- 381 819	- 700 769
Årsresultat	- 24 498	1 576 966	248 751
Balanse sum	60 107 675	62 253 913	60 096 405
Eigenkapital	30 743 045	30 578 804	28 469 863
Eigenkapital %	51,15%	49,12%	47,37%

Samla vassavgift vart kr. 10 859 551,- som er kr. 1 067 300 (8,95%) lågare enn i 2016.

Målt forbruk utgjer kr. 3 023 224,-, som utgjer 27,84% av samla gebyrinntekter mot 34,96% i 2016.

Samla nedgang i driftsinntektene på kr. 877 622,-

Samstundes har vi ein auke i kostnadane på kr. 670 371,-, (6,7%)

Drift og vedlikehald av leidningsnett er bokført med kr. 2 753 895,- som er ca. 55 080,- mindre enn året før. Nye anlegg og vesentleg oppgradering er aktivert med kr. 8 402 750,-

Avskrivningane for 2017 utgjer kr. 3 488 740,-

Disponering av resultat:

Styret foreslår at årets resultat – kr. 24 498,- vert ført mot annan eigenkapital slik vedtektene seier.

Abonnementsgebyr 2017:

På Årsmøtet i 2016 vart det vedteke ingen auke i gebyra for 2017. Med stor nedgang i forbruket og auka kostnader må vi utsetje planlagde investeringane i 2018. På Årsmøtet i 2017 vart det vedteke 7,5% auke i 2018, men det vil likevel ikkje dekke opp for nedgangen i 2017.

Vassavgifta vert innkravd i to terminar. 1. termin i mars og 2. termin i september. Målarabonnentar med stort forbruk vert fakturert kvartalsvis.

Vi ser at vi har ein liten auke i uteståande gebyr og utsending av stengevarsel.

Fullstendig regulativ ligg på www.heroyvasslag.no

Andelskapital:

Andelskapitalen har auka med kr 188 740,- Nye andelsinnskott skriv seg frå 7 naust, 4 bueingar, 2 næringseigedomar og 7 Pumpestasjonar.

Samla andelskapital er ved årsskiftet kr. 13 828 784,- som fordeler seg på 2483 abonnentar. Det fordeler seg på 2072 private bustadar, 75 fritidsbustadar, 92 naust, 219 næringseigedomar med fast årsavgift og 23 næringseigedomar som betalar etter forbruksmålar.

Uteståande fordringar:

Uteståande pr. årsskiftet kr. 1 245 909,-. Rutinane for innkrevjing av årsgebyr fungerer godt, men vi registrer ein liten auke i utsending av stengevarsel.

Det vart i 2017 innkravd kr. 35 373,- i purregebyr og stengevarselgebyr mot kr. 29 039,- i 2016.

Stengevarselgebyr utgjer kr. 11 000,-, mot 5 500,- i 2016

Vi oppmodar alle abonnentar om å opprette avtale om e-Faktura kombinert med Avtalegiro i sin nettbank.

Gjeld og bankinnskott:

Kortsiktig gjeld, leverandørar, offentlege avgifter, feriepengar og skattetrekk utgjer kr. 943 590,-.

Lån i Kommunalbanken kr. 28 421 040,-

Samla bankinnskot på kr. 2 510 182,- mot kr. 8 814 693,- i 2016. Rentekostnadane kr. 480 139,- i 2017, mot kr 507 812,- i 2016.

Viser elles til rekneskapen for 2017.

Vassforsyning – Leidningsnett.

Vi har produsert 1 268 544 m³ reinsa vatn i 2017, som er ca. 320 275 m³ mindre enn i 2016.

Det har vore levert 7 274 m³ til Stemmedal Vasslag sitt forsyningsområde.

Berekna lekkasjar 13,5% i 2017 mot 25,65 % i 2016.

Vi har hatt to mindre alvorlege brot på leidningsnettet i 2017, to lekkasjar i kum og kraner og 9 lekkasjar på private leidningar og fire graveuhell med Entreprenørar.

Kundetimar utan vatn var 333 ved brudd og reparasjon og 712 ved planlagt arbeid. Totalt vert dette 1 045 kundetimar utan vatn i 2017 mot 1 366 timar i 2016.

Rapport forbruk 2017					
	<i>Totalt</i>		<i>Max</i>	<i>Min</i>	<i>Snitt</i>
<i>Januar</i>	119184,75	liter	93,95	19,68	44,50
<i>Febr</i>	110389,69	liter	84,22	18,48	45,63
<i>Mars</i>	103269,50	liter	79,64	18,25	38,61
<i>Apri</i>	94056,29	liter	79,72	14,74	36,29
<i>Mai</i>	101624,72	liter	74,14	16,30	37,94
<i>Juni</i>	104031,66	liter	71,22	20,68	41,81
<i>Juli</i>	96397,21	liter	69,51	9,91	35,99
<i>August</i>	97260,25	liter	69,73	13,91	36,31
<i>Sept.</i>	95286,76	liter	89,52	14,29	36,77
<i>Okt.</i>	97323,65	liter	69,81	13,74	36,29
<i>Nov.</i>	122962,86	liter	85,92	17,05	47,44
<i>Des.</i>	126757,56	liter	85,48	19,48	47,33
Totalt 2017	1268544,93	liter	93,95	9,91	40,41
12 månader	1 268 545	m3			
Snitt	105 712	Pr. mnd			
m3	3 475,46	pr. dag			
m3	144,81	pr. time			
m3	2,41	pr. min			
Liter	40,23	pr. sek.			

Oversikt over leidningsnett

	Nytt 2017	Fjerna	Bytta	Total	Alder	
			0	2017	Årstall	meter
Stål	92	618	92	9 977	>1970	6 327
PVC	93	553	93	25 469	>2000	21 263
PE	4 214		185	28 083	2001-2015	29 820
					2016-2030	6 119
	4 399	1 171	371	63 529		63 529
Antal brudd hovedledning						2
Antal lekkasjer, kum og kraner						2
Brudd Privatleidninger						9
Graveuhell entreprenør						4

Berekning av lekkasje	m ³	Andel %
Totalforbruk vatn	1 268 544	
Målarabonnentar	370 562	29,21%
Teoretisk forbruk o.ab.	367 511	28,97%
Teoretisk forbruk næring	250 000	19,71%
Teoretisk Brann og spyling	15 000	1,18%
Levert Stemmedal	7 274	0,57%
Lekkasje	171 298	13,5%
Legitimt tap	86 899	6,85%

Leidningsnett:

Det er lagt 4 399m nye rør i 2017. Av dette er 4 214 nyanlegg og 371m er utskifting. I tillegg er 1 171 m fjerna.

Det er også sett ned totalt 13 nye, 11 fjerna og 2 kummar oppgradert.

Største andelen av posten vedlikehald av leidningsnett skriv seg frå utskifting av kummar og rør.

Den gamle forsyningsleidninga frå Mo-Vi knuten til Kyrkja er utfasa og dermed ein stor fare for brudd i ulendt terreng fjerna.

Det vert jobba systematisk med kontroll og renovering/utskifting av gammalt leidningsnett, kraner og koplingar..

Nyanlegg/Investering ledningsnett:

Dei største investeringane i nye anlegg gjeld:

- Vågsholmen - Remøy
- Torvik mot Bø
- Bendalen - Borgarhaugen

Ny sjøleidning frå Vågsholmen til Remøy sikrar vassforsyning til Remøy/Sævik og vidare inn mot Voldsund/Leine i tilfelle ledningsbrot på eksisterande nett gjennom Leinebygda og Voldsund.



Leidninga mot Remøy er Klamra fast i botnen ut frå Urholmen.



Borgarhaugvegen, Ny leidning i gangvegen



Gamalt nett på Myklebust mot Fosnavåg



Nye skilt for Sjøleidningar

Sveising av PE-rør

Vasskvalitet:

Det vert gjennomført 24 ordinære prøveuttak før og etter UV i tillegg til Sjukeheimen og Huldal. I tillegg vert det teke 12 prøveuttak på Frøystad, Jensholmen, Sævik og 4 uttak i Igesund.

Analyser	Råvatnet før Kloring.			Grønhaug etter UV			Sævik			
	Antal	Snitt	Maks	Antal	Snitt	Maks	Antal	Snitt	Maks	Grenseverdilar
Koliforme 37 °C (agar) /100ml	13	22,3	89	24	0	0	12	0	0	<1
E. coli 37 °C (agar) /100ml	13	0	0	24	0	0	12	0	0	<1
Total antall bakteriar	12	92,4	300	24	1,16	11	12	11,7	37	< 100
Intestinale enterokokker	4	0	0	4	0	0	4	0	0	0
Clostridium perfringens i vann				4	0	0	4	0	0	0
pH	12	6,51	7,16	4	7,41	8,4	4	7,39	7,55	6,5 - 9,5
Konduktivitet mS/m	4	7,93	4,71	4	4,42	4,67	4	4,53	4,94	< 250
Turbiditet (FNU)	12	0,51	0,7	24	0,5	0,7	12	0,48	0,6	<4
Farge	12	11,1	16	24	11,0	17,0	12	11,3	16	<20
Amonium NS 4746				4	0,01	0,01	4	0,01	0,01	
Lukt				4	Akseptabel					
Smak				4	Akseptabel					

Det er ikkje registrert E-coli ute på nettet i 2017. Det er teke 13 prøver av råvatnet og det er ikkje registrert E-coli. Fargetalet på råvatnet varierer frå 8 til 16, med gjennomsnitt på ca. 11,1, Dette er lågare enn i 2016. Råvatnet har ein snitt pH på 6,5, som er ein liten oppgang. Etter tilsetjing av vannglas aukar den gjennomsnittlege verdien ute på nettet på dei ulike prøvepunktene frå pH 6,8 til pH 8,1 der høgaste verdiane vert målt i Igesund. Vi ser at pH verdien er meir stabil enn tidlegare år.

Stemmedal:

Vi har i 2017 inngått samarbeidsavtale med Stemmedal om drift og vedlikehald. Frå og med januar 2018 har vi også avtale om felles Rekneskapsfører. Det er levert 7 274 m³ vatn til Stemmedal sitt forsyningsområde i 2017.

I beredskapsplanen inngår Stemmedal som reserve-vasskjelde ved akutt forureining av Mørkevatnet eller brot på tilførselsleidninga frå Mørkevatnet.

Moltu:

Det er ingen endring i avtalen med Moltu Vasslag SA.

Krisevatn/Vikevatnet:

I 2017 har det vore gjennomført kontroll av demningane i Vikevatnet og Igesundvatnet. Vi ventar på endeleg rapport. Dersom det syner seg at vi får store kostnader med oppgradering av demningar, vil vi

vurdere om vi kan få godkjenning for å slette dammen som krisevatn sidan vi no har tilgang på godt vatn frå Stemmedal.

Utbyggingsplanar 2018 – 2022:

Ved rullering av plan for forventa utbygging og utskifting dei næraste åra, kjem vi fram til eit investeringsbehov på ca. 39,7 millionar fram til 2022, og planlagde nyanlegg og utskifting i 2018 er berekna til kr. 7,35 mill.

Samordna utbygging/utskifting av vatn og avløp er kostnadseffektivt og vi har derfor samarbeidsmøte med Herøy kommune kvar haust og elles ved behov gjennom året. Tussa er også ofte med i nye prosjekt.

Aktuelle utbyggingsprosjekt Revidert 15.02.2018			Behov	
Årstal	HOVUDLEDNINGSNETT	Dimensj.	2018 - 2022	2 018
2018	Nørvåg frå Beddingen til Urholmen ???	200PE	700 000	700 000
2018	Vedlikehald Sjøledning Grønhaug-Moltu	355PE	1 000 000	1 000 000
2018	Skarabakken omlegging, Statens vegvesen	2x250PE	500 000	500 000
2018	Ny veg til Høgdebassenget Frøystad		150 000	150 000
2018	Torvik - Arhaug		2 500 000	2 500 000
2019	Frå krysset v/P.K.Frøysa til busslomma	200PE	1 500 000	
2019	Utskifting frå busslomme i Flusundvegen	200PE	1 000 000	
2019	Ny ledn. Herøysenteret til Automarine	315PE	2 500 000	
2020	Sævik Ny ledning frå Even Remøy mot tunellen	200PE	1 400 000	
2020	Igesund sanering av demningar.		1 000 000	
2020	Sanering av Svartevatnet som dam		1 000 000	
2020	Ny ledning frå busslomma v/P.O. Berge til Berge Bedehus	315PE	4 000 000	
2021	Igesund, Fjerning av gamle rør.		600 000	
2022	Leine til Remøyholm (Ventar på SVV ny veg/gangveg)		5 500 000	
??	Utskifting ledning Vikevatnet-MoVi knuten		1 500 000	
	Delsum Leidningsnett		24 850 000	4 850 000
	Utskifting av gammalt ledningsnett		7 500 000	1 500 000
	utskifting av gamle kummar		7 000 000	1 000 000
	Drift vedlikehald ledningsnett		14 500 000	2 500 000
	Sum investering og vedlikehald Leidningsnett		39 350 000	7 350 000
2017	128 Nytt kloringsanlegg			
2018	Ny arbeidsbil		350 000	
	Delsum Utstyr/anlegg- servicesvtalar		350 000	0
	Sum investering/kostnad		39 700 000	7 350 000
	Finansiert av driftsinntekter			6 700 000
	Finansiert av lånekapital			650 000

Siste 5 åra er det investert ca. 33 mill i ledningsnett og anlegg og utgiftsført kr. 15,6 mill i vedlikehald.

Miljø:

Herøy Vasslag driv ikkje noko verksemd som påverkar miljøet negativt.

Sluttord:

2017 vart eit nytt år med stor aktivitet. Dei tilsette sitt systematiske arbeid med overvaking, kartlegging og reparasjonar har gitt stabil og god drift. Lekksjar og kundetimar utan vatn er redusert i 2017.

Vi oppnådde ikkje budsjetterte inntekter i 2017, samstundes vart driftskostnadane høgare enn budsjettert.

Vi må dermed utsette planlagde prosjekt i 2018. Vi ser at på inntektssida er vi avhengig av stabil drift i Fiskeindustrien. Det er framleis behov for auka inntekter for gjennomføring av nødvendig oppgradering av kummar og leidningsnett.

Styret vil takke dei tilsette for godt utført arbeid også i 2017.

Eggesbønes 14. mars 2018


Styret i Herøy Vasslag SA 2017



Per-Arne Gjerdsbakk
Styreleiar




Johan Sundnes
Nestleiar



Olaug Andreassen
Styremedlem



Jan Driveklepp
Styremedlem



Arvid Leinebø
Varamedlem



Ragnvald Kvalsvik
Dagleg leiar

Årsregnskap 2017

Herøy Vasslag SA

Resultatregnskap
Balanse
Noter til regnskapet

Resultatregnskap

Herøy Vasslag SA

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2017	2016
Vassavgift		10 859 551	11 926 851
Annen driftsinntekt		231 917	42 238
Sum driftsinntekter		11 091 468	11 969 089
Lønnskostnad	2	2 137 914	1 961 701
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	4	3 488 740	3 297 765
Annen driftskostnad	2	5 054 021	4 750 838
Sum driftskostnader		10 680 675	10 010 304
Driftsresultat		410 793	1 958 785
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		44 847	125 993
Annen rentekostnad		480 139	507 812
Resultat av finansposter		-435 292	-381 819
Ordinært resultat før skattekostnad		-24 498	1 576 966
Årsresultat		-24 498	1 576 966
Overføringer			
Avsatt til annen egenkapital		0	1 576 966
Overført fra annen egenkapital		24 498	0
Sum overføringer	5	-24 498	1 576 966

Balanse

Herøy Vasslag SA

Eiendeler	Note	2017	2016
Anleggsmidler			
<i>Varige driftsmidler</i>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom	4	1 740 572	1 812 772
Maskiner og anlegg	4	54 403 500	49 302 800
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr	4	207 500	321 990
Sum varige driftsmidler	4, 6	<u>56 351 572</u>	<u>51 437 562</u>
Sum anleggsmidler		<u>56 351 572</u>	<u>51 437 562</u>
Omløpsmidler			
<i>Fordringer</i>			
Kundefordringer		1 245 909	1 765 387
Andre kortsiktige fordringer		13	236 272
Sum fordringer		<u>1 245 922</u>	<u>2 001 659</u>
<i>Bankinnskudd, kontanter o.l</i>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	3	2 510 182	8 814 693
Sum bankinnskudd, kontanter o.l		<u>2 510 182</u>	<u>8 814 693</u>
Sum omløpsmidler		<u>3 756 103</u>	<u>10 816 351</u>
Sum eiendeler		<u>60 107 675</u>	<u>62 253 913</u>

Balanse

Herøy Vasslag SA

Egenkapital og gjeld	Note	2017	2016
Egenkapital			
<i>Innskutt egenkapital</i>			
Andelskapital	5	14 017 524	13 828 784
Sum innskutt egenkapital		<u>14 017 524</u>	<u>13 828 784</u>
<i>Opptjent egenkapital</i>			
Annen egenkapital	5	16 725 521	16 750 020
Sum opptjent egenkapital		<u>16 725 521</u>	<u>16 750 020</u>

Etter fleire års drift erfarer imidlertid eigarstyret at for å halde båten i forsvarleg drift knytt til formålet om «(...) at den vert verande i kommunen og synleggjort i forhold til kultur, oppleving og reiseliv», så er det behov for at det vert sett av ein sum til å dekke faste kostnader.

Med bakgrunn i dette oppmodar eigarstyret om at det årleg vert overført kr. 76 450 til dekking av faste kostnader. Ei overføring bør justerast for årleg prisvekst.

Vurdering og konklusjon:

Sunnmørsjekta er unik og den einaste i sitt slag. I tillegg til å oppfylle målsetjinga om å komplettere ein handelsstad frå 1700-1800 talet, representerer ho kystfolket sitt viktigaste framkomstmiddel og inntektsgrunnlaget gjennom fleire hundre år. Sjølv om jekta er ein replika, vil det å bevare jekta i kommunen bidra til synleggjering av vår lokale kulturarv gjennom formidling til oppveksande slekt og andre besøkande både til Herøy gard og andre stadar der jekta oppheld seg.

Imidlertid; jekta sitt fulle potensiale kjem fyrst fram når den vert «(...) synleggjort i forhold til kultur, oppleving og reiseliv». Tilbakemeldinga frå eigarstyret og arbeidsgruppa viser at ein har starta å nå ovannemnde målsetjingar i 2018, og arbeidet har soleis bidrege til å oppfylle kommunestyret sitt oppdrag. Rådmannen vil også påpeike at både næringsliv og privatpersonar gjennom sine bidrag viser vilje til å behalde båten i kommunen vidare.

Kommunestyret har tidligare gjort vedtak om å utvide Herøy kystmuseum gjennom etablering av eit jektenaust med formidlingsbygg, og rådmannen har føreslått at kommunen set av investeringsmidlar til dette arbeidet i budsjettet for 2019. Jektenaustet er tenkt som eit vernebygg i vinterhalvåret.

Rådmannen vil etter ei samla vurdering ikkje imøtekomme søknaden. Rådmannen har i sitt budsjettforslag prioritert opp prosjektet «Trivseltiltak i krinsane».

Dette tiltaket bidreg til å legge til rette for at krinsar som ikkje er heimhøyrande på Bergsøya kan søkje på trivselstiltak. Målet med tiltak er å auke trivsel og bulyst og det kan søkjast på nye tiltak. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for tildelinga. Finansiering skjer ved omprioritering av kulturmidlar knytt til post disposisjonspost/prosjektmidlar og leikeplasstilskot, 200 000 kr årleg.

Tiltaket er bygd opp etter same «mal» som Ulstein kommune har for sine krinsar. Desse retningslinjene må sjølvstendig tilpassast Herøy sine behov, men kan danne eit utgangspunkt for vidare diskusjon.

I samband med UNGDATA handsaminga den 22.3.2018 vedtok kommunestyre fleire punkt ein skulle følgje opp i samband med budsjettarbeidet for 2019.

Kommunestyret ville vurdere muligheita for å få følgjande tiltak inn i budsjettet for 2019:

1. Midlar til tilrettelegging for «SFO»/leksepass på kulturhuset.
2. Midlar til auke av hall-kapasiteten (er under arbeid).
3. Midlar til tilrettelegging for fleire møteplassar for uorganisert aktivitetar for ungdom.
4. Midlar til etablering av mobbeombud / fokus på tiltak mot mobbing

Pkt 3 i vedtaket kan ein sjå i samanheng med det nye trivselstiltaket som ein føreslår innført.

Rådmannen legg til grunn at eigarstyret oppfyller kommunestyret sine føresetnader i «Justert avtale mellom Herøy kommune og eigarstyret for Herøy Kystmuseum».

Konsekvensar for folkehelse:

Definisjonen på folkehelsearbeid er «*Samfunnets innsats for å påvirke faktorer som direkte eller indirekte fremmer befolkningens helse og trivsel, forebygger psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, eller som beskytter mot helsetrusler, samt arbeid for en jevnere fordeling av faktorer som direkte eller indirekte påvirker helsen.*» (Helsedir.)

Jekta vert mellom anna nytta ift. læring hos skuleelevar og læring ifm fritidsaktivitetar for born og unge. Vidare til ulike fellesskap, opplevingar og læring for jektevener spesielt og besøkande generelt. Jekta bidreg med dette til å oppfylle fleire moment i det lokale folkehelsearbeidet særleg innanfor psykisk helse og livskvalitet, og fysisk aktivitet.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

Konsekvensar for drift:

Jekta vert halde i stand og drifta ved hjelp av frivillige. Dersom det vert lagt ned ca. eit årsverk pr år., tilsvarar dette ein verdi på vel kr. 500 000 (utan ferie) med eit utgangspunkt på kr. 300 pr time.

Den kommunale økonomien opnar ikkje for nye driftstiltak pr. no, og eit årleg fast driftstilskot kan berre skje ved omprioritering av eksisterande midlar. Rådmannen prioriterer prosjektet «Trivseltiltak i krinsane» framfor søknaden som ligg føre frå eigarstyret.

Fosnavåg, 01.11.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Kommunalsjef samfunnssektor

Sakshandsamar: Eileen Gjerde, kulturleiar



HERØY KOMMUNE

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr 2012/1178	Saksbeh AK
- 7 FEB. 2013	
Code P C56	
Ark kode S	
J nr	Dok nr 7

Justert avtale

mellom

Herøy kommune og eigarstyret for Herøy Kystmuseum.

Opprinneleg avtale underskriven: 7.07.05

Justert avtale underskriven:

Herøy kommune har i K-sak 024/02 sagt ja til å vere med i den nye konsoliderte museumseininga på Sunnmøre og har overlate driftsansvaret for Herøy Kystmuseum til Stiftinga Sunnmøre Museum i tillegg til eit lokalt eigarstyre.

Etter vedtak i K-sak 054/04 vedk. organisering av Herøy kystmuseum og K-sak 060/04 vedk. kjøp av Sunnmørsjekta "Anna Olava", ber formannskapet om at det vert gjort ein avtale mellom kommunen og eigarstyret for Kystmuseet.

1. Herøy kommune er eigar av Herøy gard og bygningane som står på eigedomen.
2. Herøy kommune er eigar av Sunnmørsjekta "Anna Olava" som skal vere knytt til eigedomen Herøy Gard. Formålet med å kjøpe Jekta, er at den vert verande i kommunen og synleggjort i forhold til kultur, oppleving og reiseliv.
3. Herøy kommune har ansvar for at det er oppnemnt eit eigarstyre for Herøy Kystmuseum med 1 representant frå;
 1. Herøy kommune – skal følgje valperioda
 2. Herøy Sogelag
 3. Stiftinga Herøyspelet
 4. Herøy Museumsbåtlag
 5. Utnemnst av styret for Herøy Kystmuseum


Representantane skal ha personlege varamenn.

Val av politisk oppnemnt representant frå Herøy kommune skal følgje valperioda. Dei andre fylgjer laga sine vedtekter.

4. Eigarstyret har ansvaret for vedlikehaldet og drifta av eigedomen Herøy gard, med bygningar, jekta "Anna Olava" og samlingane elles. Eigarstyret skal sjå til at alt vert sikra og forvalta i tråd med god museumsetikk.
5. Eigarstyret skal årleg utarbeide årsplan og driftsbudsjett for kystmuseet og rapportere drifta til kommunestyret gjennom rekneskap og årsrapport.
6. Eigarstyret skal årleg utarbeide årsplan og driftsbudsjett for Sunnmørsjekta "Anna Olava" som skal leggst fram for formannskapet innan 1. oktober kvart år. Driftsbudsjettet skal vere innanfor det sjølvfinansierande prinsipp. Det bør opparbeidast ein økonomisk buffer for drifta. Eigarstyret rapportere drifta til kommunestyret gjennom rekneskap og årsrapport.

7. Det skal vere avtale mellom Sunnmøre Museum og Herøy kommune vedk. driftstilskot til Herøy Kystmuseum. Tilskotet skal utbetalast til Stiftinga Sunnmøre Museum som har driftsansvaret for kystmuseet.
8. Det skal utarbeidast særskilt plan for større vedlikehald og byggjeprojekt, som vidare skal vere innarbeidd i kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett og samkøyrte med stiftinga Sunnmøre Museum sin investeringsplan vedk. museum. I forkant av oppstarting skal organisering av slike tiltak avklarast med kommunen.
9. Inntekter som eigarstyret måtte skaffe seg, skal fullt og heilt disponerast av eigarstyret.
10. Herøy kommune skal vere orientert om drifta av kystmuseet og Sunnmørsjekta "Anna Olava" gjennom referat / rapportar frå styremøta.
11. Eigarstyret skal sjå til at kulturlandskapet i utmarka på Herøy får den naudsynte pleie innanfor dei økonomiske rammer som skjøtselsmidlane representerer.

Fosnavåg, 6/12:12.....


.....
-ordførar-




.....
- styreleiar-



Rådmannen

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/811
		Arkiv:	217

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
164/18	Kommunestyret	06.12.2018
11/19	Kommunestyret	31.01.2019

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT BARNEVERN. TILSYN OG OPPFØLGJING.

Møtebehandling:

Saka vert utsett.

Tilråding frå kontrollutvalet:

1. Kommunestyret tek til vitende Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – barnevern – Herøy kommune (utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS, datert 25.09.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barneverntenesta får gjennomført tilfredsstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
 2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgjingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna vere tilstades.
 3. Kommunen må sørge for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredsstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
 4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht. rapportskriving.
 5. Kommunen må innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterar om status for gjennomføringane av anbefalingane og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.05.2019**

Særutskrift: Kontrollutvalet
Leiar barn, familie og helse

Vedlegg:

1. Kontrollutvalssak 37/18. Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern – tilsyn og oppfølging.
2. Forvaltningsrevisjonsprosjekt barnevern – tilsyn og oppfølging – Rapporten.

Saksopplysningar:

Sjå vedlegg 1.

Fosnavåg, 27.11.2018
Kontrollutvalet
Jostein Støylen



FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Tilsyn og oppfølging - barnevern



HERØY KOMMUNE

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS

- integritet, kvalitet og kostnadseffektivitet -

Forord

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS legg med dette fram forvaltningsrevisjonsprosjektet;
Tilsyn og oppfølging- barnevern.

Forvaltningsrevisjon er ei lovpålagd oppgåve for alle kommunane i Noreg, og formålet med forvaltningsrevisjonen kjem fram av kommunelova §77 nr.4 :

" (...)Kontrollutvalget skal videre påse at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak, og at det blir gjennomført systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og forutsetninger (forvaltningsrevisjon).

Formålet med forvaltningsrevisjon er å sette søkelys på dagens situasjon og peike på muligheter for forbedring og vidareutvikling av den kommunale verksemda, samt avdekke eventuelle manglar.

Prosjektet er utført i samsvar

med standard for forvaltningsrevisjon - RSK001.

Rapporten er utarbeida av Alf Marius Grønnevik, med innspel frå kollega i Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. Det er føreteke vurderingar av uavhengigheit og objektivitet vedkomande dette prosjektet.

Kommunerevisjonen vil takke barnevernstenesta i Herøy kommune for godt samarbeid og tilrettelegging i arbeidet med prosjektet.

Ulsteinvik 25.09.18

Alf Marius Grønnevik

Forvaltningsrevisor

Innholdsfortegnelse

SAMANDRAG	4
Anbefalingar	5
1 INNLEIING	6
1.2 Målsetting og problemstilling	6
1.3 Revisjonskriterium	6
1.3.1 Innleiing	6
1.3.2 Kjelder til kriterium	6
2 METODE og GJENNOMFØRING	7
2.1 Gjennomføring:	7
2.2 Utval:	7
2.3 Verifisering av data	8
3 REVISJONSKRITERIUM	8
4 PROBLEMSTILLING 1:	10
4.1 Fakta	10
4.2 Vurdering	12
5 PROBLEMSTILLING 2:	13
5.1 Fakta	13
5.1.1 Tilsyn av born i Herøy kommune	14
5.1.2 Tilsyn av born frå Herøy plassert i andre kommunar	15
5.2 Vurdering	16
6 PROBLEMSTILING 3:	17
6.1 Fakta	17
6.1.1 Skriftlege rutinar	17
6.1.2 Gjennomgang av uavhengighetserklæring	18
6.1.3 Gjennomgang av politiattestar	18
6.2 Vurdering	18
7 ANBEFALING	18
8 Rådmannen sin kommentar	19

SAMANDRAG

Kontrollutvalet ønske å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn, samt kvaliteten på rapportane. I tillegg ønske ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht å dokumentere uavhengighetserklæring og politiattest til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidlegare forvaltningsrevisjon (2016) jfr K-sak 196/16

Det vart utarbeida følgjande problemstillingar:

- 1. Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?**
- 2. Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn?**
- 3. Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengighetserklæringa av tilsynsførarar?**

Problemstilling 1:

Herøy kommune hadde i kontrollperioden 01.01.2017 – og fram til 01.07.2018 totalt 13 born ein hadde overteke omsorga for. To av dei var plasserte på institusjon, tre var plasserte i Herøy kommune og resten i andre kommunar. Kommunen hadde derfor totalt 11 born ein hadde oppfølgingsansvar for, då Fylkesmannen har tilsynsansvar for institusjonar.

Gjennomgangen viste at barnevernet hadde gjennomført fire eller fleire oppfølgingsbesøk til fem av dei 11 borna, men til seks av borna var det gjennomført under fire oppfølgingsbesøk. To av borna hadde flytta til fosterheimen våren 2017 og fått tre besøk i løpet av året. Eit barn hadde fylt 18 og flytta ut, og hadde fått to oppfølgingsbesøk. Totalt sett vurderer ein det slik at kommunen oppfyite krava til åtte av dei 11 borna.

I eit par av sakene der to fosterbarn budde i same fosterheim registrerte ein at fosterheimsbesøka var gjennomført samtidig og i enkelte tilfelle var ikkje begge borna tilstades. Omsorgskommunen/ barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Det bør derfor ikkje gjennomførast tilsynsbesøk der barnet ikkje er tilstades.

Kvaliteten på rapportane for oppfølgingsbesøk var i stor grad god, og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen.

Problemstilling 2:

Herøy kommune hadde pr 2017 tilsynsansvar for 15 born. Det var gjennomført tilfredstillande antal tilsyn til 9 av 15 born, i 6 av dei 15 var det ikkje gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn. Alle borna hadde fått oppnemnd tilsynsførar, men i enkelte saker hadde tilsynsførar slutta i løpet av året og ein såg at det kunne gå månadar før ein hadde fått på plass ny.

Pr juni 2018 var det gjennomført eit til to tilsyn til alle borna. Sidan året ikkje er omme kan ein ikkje konkludere i høve om ein vil greie å få gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn i løpet av året, men barnevernstenesta har gitt tilbakemelding om at ein har som mål å greie dette.

Dei tilsynsrapportane som låg føre følgde stort sett same mal/utforming (standard mal). Ein såg variasjonar i kvaliteten på rapportane og kor detaljerte rapportane var mellom dei forskjellige tilsynsførarane. Enkelte rapportar gav lite informasjon/beskriving av situasjonen til barnet. Kommunen bør etter behov vurdere om det er hensiktsmessig og få på plass fellessamlingar/kurs med alle tilsynsførarar. Dette vil vere spesielt viktig når nye tilsynsførarar kjem til og vil kunne bidra til å heve kvaliteten på tilsynsførarrapportane.

Problemstilling 3:

Kommunen har fått på plass skriftlege rutinar for å innhente både uavhengighetserklæring og politiattestar på sine nye tilsynsførarar. Gjennomgangen viste at dei to nye tilsynsførarane som hadde kome til sidan sist forvaltningsrevisjon, hadde signert uavhengighetserklæring. Begge hadde også levert politiattest. Kommunen har fått på plass og implementert rutinar i høve innhenting og dokumentering av uavhengighetserklæring og politiattest, men burde innhenta tilsvarande også for tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

Anbefalingar

- Kommunen bør sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
- Kommunen bør ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, bør alle fosterbarna vere tilstades.
- Kommunen bør sørge for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande antal tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
- Kommunen bør etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
- Kommunen bør innhente uavhengighetserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

1 INNLEIING

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 21/18 vedtak om å få utført eit forvaltningsrevisjonsprosjekt retta mot oppfølgings- og tilsynsførarordninga i barnevernstenesta.

Med bakgrunn i eit tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2016 jfr. anbefaling pkt 1, 3 og 4, (kommunestyrevedtak 195/16) ønska kontrollutvalet å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna dei har under omsorg, men og om born i fosterheim hadde fått oppnemnd tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn, samt ei vurdering av kvaliteten på rapportane. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht. å dokumentere uavhengighetserklæring og politiattest til tilsynsførarar.

1.2 Målsetting og problemstilling

Kontrollutvalet ønskte å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht. å dokumentere uavhengighetserklæring til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidlegare forvaltningsrevisjon (2016) jfr K-sak 196/16

Det er utarbeida følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?
2. Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn?
3. Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengighetserklæringa av tilsynsførarar?

1.3 Revisjonskriterium

1.3.1 Innleing

Innsamla data vil bli vurdert opp mot revisjonskriteriet i form av lover, regelverk og andre relevante kommunale vedtak og retningslinjer. Kriteria vil bli utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon.

1.3.2 Kjelder til kriterium

Revisjonskriterium i dette prosjektet er utarbeida av følgjande kjelder:

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova) av 17.07.1992
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) av 10.02.1967

- Forskrift om fosterheim av 18.01.2003
- Retningslinjer om saksbehandling i barneverntjenesten revidert 2017.
- Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, Barne- og likestillingsdepartementet 2006.
- «Tilsyn med barn i fosterhjem» utarbeida av Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet 02/2015

Ei utdyping av revisjonkriterium går fram under kapittel 3.

2 METODE OG GJENNOMFØRING

Metode er eit samleuttrykk for dei framgangsmåtar som er nytta for å kunne svare på dei ulike problemstillingane.

2.1 Gjennomføring:

Det vart gjennomført samtale/møte med seksjonsleiar for barnevern og sakshandsamar som har hovudansvaret mht. tilsyn og oppfølging. Ein fekk då overlevert rutinehandbok og oversikt over alle barn kommunen hadde omsorg- og tilsynsansvar for. Administrasjonen ordna med tilgang til det elektroniske barnevernssystemet og dei fysiske mappene.

Barnevernstenesta i Herøy kommune nyttar sakshandsamingssystemet Familia. Ein nytta i hovudsak det elektroniske verktøyet ved gjennomgang av oppfølgingsrapportar og tilsynsrapportar, men og gjennomgang/stikkprøvekontroll av fysiske mapper.

2.2 Utval:

Det vart kontrollert alle born som Herøy hadde omsorga for i perioden 01.01.2017 og fram til 01.07.2018. Dette utgjorde totalt 13 born der 2 av desse var plasserte i institusjon der Fylkesmannen har ansvar for oppfølging og tilsyn. For dei resterande 11 kontrollerte ein om Herøy hadde gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk.

Ein kontrollerte også om kommunen hadde følgd opp borna mht. tildeling av tilsynsførar i bustadkommunen og at borna hadde fått eit tilfredstillande antal tilsyn av tilsynsførar også her. Dette gjeld både borna Herøy kommune har overteke omsorga for, og borna som er plasserte i fosterheim i Herøy frå andre kommunar. I slike tilfelle har Herøy kommune ansvar for å få på plass tilsynsførar og sørge for at det vert gjennomført tilfredstillande antal tilsyn. Det var totalt 15 born som budde i fosterheim i Herøy og som kommunen har tilsynsansvaret for. Tre av desse hadde kommunen også omsorga for og som var blitt plasserte i eiga kommune. For dei tre hadde kommunen både oppfølgingsansvar frå barnevernet og tilsynsansvar.

2.3 Verifisering av data

Rapporten er etter standard for forvaltningsrevisjon, oversendt rådmannen for uttale 25.09.18. Uttalen gjeld forhold som er omtala jfr. RSK 001 i rapporten.

3 REVISJONSKRITERIUM

Barnevernet sitt tilsyn med fosterheimen

Det går fram av fosterheimsforskrifta §7 første ledd at *”barneverntenesten i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med hvert enkelt barns situasjon i fosterhjemmet”*. Oppfølging skal skje minimum fire gongar pr år. Om barnevernet har vurdert forholda i fosterheimen som gode kan ein vedta at antall besøk skal reduserast til minimum to gongar i året for born som har vore plassert i fosterheim i meir enn to år.

Tilsyn med barn plassert i institusjon

I forskrift om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar går det fram av § 3 at *«fylkesmannen i det fylket institusjonen ligger har ansvaret for at det blir ført tilsyn i overensstemmelse med denne forskriften»*. Vidare går det fram under § 7 *«tilsynsmyndighetenes oppgaver»* at tilsynsmyndigheta skal sjå etter at institusjonen vert dreve i samsvar med gjeldande lover, føreskrifter og retningslinjer.

Tilsynsmyndigheita skal også sjå etter at det ligg føre målesttingar og plan for kvart enkelt barn i tillegg til at dei skal sjå etter at bruk av tvang ikkje skjer i strid med gjeldande reglar. Tilsynsmyndigheita skal i alle tilfelle føre tilsyn ved besøk i institusjonen minst to gongar kvart år. Institusjonar som tek i mot born som er plassert etter barnevernslova §§ 4-24 og 4-26 skal besøkast minst fire gongar kvart år. Der minst to besøk skal skje uanmeldt.

Tilsynsmyndigheita skal ta kontakt med kvart enkelt barn. Når barnet sin alder og modning tilseier det skal tilsynsmyndigheita spørje det enkelte barn om barnet deira syn på opphaldet. Etter kvart besøk skal tilsynsmyndigheita utarbeide skriftlig rapport som sendast institusjonen og statlig regional barnevernsmyndigheit.

Tilsynsførar

Det skal gjennomførast tilsyn frå tidspunktet omsorgsovertakinga skjer til barnet har fylt 18 år. Det skal førast kontroll over den omsorga barnet får i fosterheimen, og at føresetnadane for plasseringa blir følgt opp. Det er barnevernstenesta i fosterheimskommunen som har ansvaret for at det blir ført tilsyn, og det er krav om at alle born som er plassert i fosterheim skal ha ein tilsynsførar. Tilsynsførar skal føre tilsyn med barnet så ofte som nødvendig og minimum fire gongar pr år. Første besøk skal skje så raskt som mulig etter plassering. Ved val av tilsynsførar bør barn over 7 år få anledning til å uttale seg før tilsynsførar vert valgt.

Tilsynsførar skal etter kvart besøk skrive rapport frå besøket. Denne skal sendast til barnevernstenesta i den kommunen som har tilsynsansvaret.

I følge fosterheimsføreskrifta § 8, 4 ledd skal tilsynsførar ha ei uavhengig rolle i forhold til barnevernstenesta og fosterforeldra.

Fosterheimsforskrifta §§ 8 og 9 gir vidare informasjon om korleis tilsynet skal utførast.

Uavhengighetserklæring

Det går fra, av rettleiaren «Tilsyn med barn i fosterhjem» utarbeida av Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet 02/2015)

«Den personen som skal føre tilsyn må ha en tilstrekkelig uavhengighetsfunksjon overfor barnevernstjenesten, fosterforeldra og barnets foreldre. Dersom barnet bor i fosterhjem i omsorgskommunen, og tilsynsbesøkene skal gjennomføres av noe med tilknytning til barnevernstjenesten, må uavhengighet ivaretas ved at tilsyn ikke utføres av en person som har hatt direkte befatning med barnevernssaken».

Oppsummert

- Barnevernet i omsorgskommunen skal følge opp og føre kontroll med kvart enkelt barns sin situasjon i fosterheimen.
- Barnevernet skal som hovudregel besøke fosterheimen minimum 4 gongar pr år.
- Barn i fosterheim skal ha en tilsynsførar
- Det skal som hovudregel gjennomførast minimum fire tilsyn pr. år av tilsynsførar.
- Tilsynsførar skal få tilgang til fosterheimen så ofte som nødvendig.
- Tilsynsførar skal ha tilstrekkelig uavhengighetsfunksjon ovanfor barnevernstenesta.
- Fylkesmannen har ansvar for å føre tilsyn med barnevernsinstitusjonane

4 PROBLEMSTILLING 1:

Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?

4.1 Fakta

I dette kapittelet ser vi på tilsyn og kontroll i høve barn i fosterheim som Herøy kommune har overteke omsorga for. Dette gjeld i hovudsak om Herøy kommune har gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk. Tilsynsførar og tilsynsførarordninga blir omtala i kapittel 5.

Herøy kommune hadde i kontrollperioden 01.01.2017 – og fram til 01.07.2018 totalt 13 born som var overteke omsorga for. Tre var plasserte i Herøy kommune, åtte av dei var plassert i andre kommunar, medan to av dei var plasserte på institusjon. Kommunen hadde derfor totalt 11 born ein hadde oppfølgingsansvar for, då Fylkesmannen har tilsynsansvar for barn i institusjon.

Oppfølgingsbesøk:

Nedanfor går det fram ei oversikt som syner born og når det har vore gjennomført oppfølgingsbesøk av barnevernet. Oversikta er basert på kontroll av sakshandsamingssystemet og fysiske mapper.

barn	Oppfølgingsbesøk utført av barnevernet		Vedtak om reduksjon til to oppfølgingsbesøk	Kommentar
	2017	2018		
1	2	1	12.06.2017 (08.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
2	3	2	01.06.2016 (08.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
3	1	0	01.06.2016 (08.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
4	5	3		Budd i fosterheim heile perioden
5	5	3		Budd i fosterheim heile perioden
6	5	2		Budd i fosterheim heile perioden
7	3	2		Flytta i fosterheim i starten av April 2017.
8	3	2		Flytta i fosterheim i starten av April 2017.
9	2	-		Flytta i eigen bustad 23.06.17 (Myndig)
10	4	2	26.10.16 (05.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden
11	4	2	07.09.17 (05.01.18)	Budd i fosterheim heile perioden

Gjennomgangen viste at av dei 11 borna hadde barnevernet gjennomført fire eller fleire oppfølgingsbesøk i fem av dei, men for seks av borna var det gjennomført under fire oppfølgingsbesøk.

I fem av dei 11 sakene fant ein vedtak om redusering av antal oppfølgingsbesøk (frå fire til to). Av vedtaket gjekk det fram når vedtaket tredde i kraft, men alle vedtaka hadde dokumentdato 08.01.18 eller 05.01.18. Ein spurte sakshandsamar kva dette skuldast og ein fekk tilbakemelding om dette kan tyde på at vedtaket ikkje er fatta før i starten av januar 2018, men då med tilbakeverkande kraft .

For to av borna registrerte ein totalt tre oppfølgingsbesøk (barn sju og åtte i tabellen). Dei to borna flytta i fosterheim i starten av april 2017. Ved eit tilfelle (barn ni) flytta barnet ut av fosterheimen i løpet av sommaren 2017 (18 år) og det var gjennomført totalt to besøk i løpet av våren 2017.

Kvalitet på rapportane:

I samband med gjennomgangen gjekk ein igjennom dei fleste rapportane. Ein registrerte at alle oppfølgingsbesøka var gjennomført av same sakshandsamar i barnevernet, for utanom i ei sak, der dei fleste oppfølgingsbesøka var gjennomført av sakshandsamar som hadde følgd barnet i ei lenger periode. Kvaliteten på rapportane var i stor grad god og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen.

I to tilfelle såg ein to fosterbarn bu i same fosterheim, og såg at oppfølgingsbesøka for dei to borna var gjennomført samtidig både i 2017 og 2018. Gjennomgang av rapportane viste at dei i hovudsak omhandla kvar enkelt barn, men ein registrerte også at eit av borna ikkje deltok på tre av oppfølgingsbesøka som hadde vore gjennomført i kontrollperioden, då barnet ikkje var heime (var på skule og liknande).

Øvrig oppfølging:

Det er viktig og påpeike at i tillegg til dei lovfesta oppfølgingsbesøka kan barnevernet ha ein del dialog med fosterheimen. Stikkprøve av klientmappene og sakshandsamingssystemet, viste ein del journalnotat i fleire saker som viste dialog med fosterheimen, og med biologiske foreldre. Ved alle dei kontrollerte låg det føre ein plan over tilsyn og oppfølgingsbesøk av barn under omsorg og oppfølging av biologiske foreldre. Det går fram av rutinehandboka til barnevernstenesta at omsorgsteamet har ansvar for at denne planen blir oppdatert og etterlevd. I samtale med tenesta fekk ein tilbakemelding om at ein utarbeida planar til alle fosterborn i 2018 og at planen vert nytta for å avtale planlagde møter og tiltak, men også for å dokumentere gjennomførte møter og dialog.

4.2 Vurdering

Oppfølgingsbesøk:

Eit barn kan flytte inn og ut av fosterheim i løpet av året, og dette må takast omsyn til ved vurdering av minimumskravet til oppfølgingsbesøk, forutsett den perioden kommunen ikkje har omsorgsansvaret. I 2017 hadde Herøy kommune tre slike tilfelle. I to av sakene var det gjennomført tre tilsyn etter at barna flytta inn i fosterheimen i april. I den tredje saka flytta fosterbarn på hybel i løpet av sommaren og kommunen hadde gjennomført to tilsyn i løpet første halvår. Sidan kommunen har fått gjennomført hhv to og tre oppfølgingsbesøk i løpet av tidsromma på hhv seks og ni månadar, vurderer ein det som at kommunen har oppfylt minimumskravet.

I høve rettleiar kan barnevernstenesta vedta og redusere antal oppfølgingsbesøk til minimum to gongar i året for barn som har vore plassert i fosterheim i meir enn to år. I tre av sakene såg ein at det var gjennomført tre eller færre tilsynsbesøk, der det låg føre vedtak om reduisering av oppfølgingsbesøk. Sjølv om det har vore fatta vedtak om redusert antal tilsynsbesøk meiner ein at å fatte dette eit år eller to i etterkant av «manglande» oppfølgingsbesøk med tilbakeverkande kraft, ikkje er tilfredstillande og for desse tre borna burde kommunen ha gjennomført fire tilsyn i løpet av 2017. Då vedtaka ikkje var fatta før i 2018.

Dei resterande fem borna hadde fått oppfylt minimumskrava i høve rettleiar med hhv fire eller fem oppfølgingsbesøk.

Totalt sett vurderer ein det slik at kommunen oppfylte krava i høve åtte av dei 11borna.

Kvaliteten på rapportane:

Generelt var kvaliteten på rapportane god og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen og utviklinga til barnet.

Gjennomgang av rapportane viste at dei i hovudsak omhandla kvar enkelt barn, men ein registrerte også tilfelle der borna ikkje var heime (på skule og liknande). I dei tilfella har barnevernet berre hatt kontakt med fosterheim/fosterforeldre. I forskrifta § 7 heiter det at «*Barnevernstenesta i omsorgskommunen skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen.....*».

I to av sakene såg ein at det var gjennomført oppfølgingsbesøk der barnet ikkje var tilstade. Omsorgskommunen/ barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Det bør derfor ikkje gjennomførast tilsynsbesøk der barnet ikkje er tilstade.

Øvrig oppfølging:

I alle sakene var det utarbeida plan over tilsyn og oppfølgingsbesøk av fosterborn og oppfølging av biologiske foreldre. Ein vurderer dette som eit positivt verktøy mht. og planlegge og dokumentere dialog og oppfølging av både fosterheim og biologiske foreldre. Planen blei teken i bruk i 2018 og det er ikkje mogleg å kontrollere effekten av verktøyet pr. d.d. For at verktøyet skal ha ein nytteverdi er det viktig at omsorgsteamet som har ansvaret for dei nyttar dei aktivt og oppdaterer dei kontinuerleg.

5 PROBLEMSTILLING 2:

Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande tal tilsyn?

5.1 Fakta

Det skal først tilsyn med kvart enkelt barn i fosterheim frå plasseringstidspunktet fram til barnet fyller 18 år. Barnevernstenesta i fosterheimskommunen skal opprette tilsynsførar til kvart enkelt barn ved godkjenning av fosterheim. Tilsyn er ein kontroll med fosterheimen som kjem i tillegg til den kontrollen barnevernet sjølv skal utføre. Det at kontrollen skal utførast av ein uavhengig tredjeperson skal bidra til å sikre barnet sin rettstryggleik og tryggleik. Det skal derfor leggast vekt på å finne ein person som barnet har, eller kan få, nødvendig tiliit til, og som har føresetnadar for å kunne utføre tiisynsoppgåva. Tiisynsførar skal minimum besøke fosterheimen fire gongar i året, og det skal utarbeidast rapport etter kvart tilsyn. Rapportane skal sendast til barnevernstenesta.

Det er kommunen der fosterheimen er plassert som har ansvar for å få på plass tilsynsførar. Dette betyr at for born som kjem frå andre kommunar og blir plassert i fosterheim i Herøy, er det Herøy kommune sitt ansvar mht. oppfølging av tilsynsførarordninga. For born Herøy kommune har plassert i andre kommunar er det fosterkommunen som har dette tilsynsansvaret for borna frå Herøy.

Nedanfor har ein utarbeida to oversikter som syner dei borna som er plasserte i Herøy og som dei har tilsynsansvar for, i tillegg til ei oversikt som syner dei borna Herøy har overteke omsorga for og som er plasserte i andre kommunar.

5.1.1 Tilsyn av born i Herøy kommune

Tilsynsbesøk:

Barn	Tilsyn		Kommentar
	2017	2018	
1	2	2	Tilsynsførar sa opp våren 2017 og ein fekk på plass ny tilsynsførar januar 2018.
2	4	2	
3	4	2	
4	2	2	Tilsynsførar sa opp våren (mai) 2017 og ein fekk på plass ny tilsynsførar februar 2018.
5	4	1	
6	4	1	
7	4	2	
8	2	2	Tilbakelding frå barnevernet om at ein har purra tilsynsførar i 2017. Registrerar i sakshandsamingssystemet at tilsynsførar var purra i januar 2017.
9	3	1	Tilbakemelding frå barnevernet at ein har purra tilsynsførar.
10	4	2	
11	1	1	Redusert til 2 tilsyn (vedtak 14.08.17) . Ut i frå journalnotat har bv purra tilsynsførar fleire gonger. Les ut av tilsynsrapporten 2017 at barnet absolutt ikkje ønskjer tilsyn og at tilsynsførar har vanskeleg for å kome i posisjon.
12	4	1	
13	3	2	Tok tid å få på plass ny tilsynsførar. Registrear at oppnemning tilsynsførar skjedde 12.09.17 og fosterheimen var godkjend av fosterheimskommunen 17.03.17.
14	2	1	Flytta frå Herøy kommune 01.08.17 (gjennomført 2 tilsyn i løpet av 2017)
15	2	1	Flytta i eigen bustad 23.06.17 (gjennomført 2 tilsyn i 2017)

Tilsyn 2017:

Det går fram av oversikta at Herøy kommune hadde totalt 15 born dei hadde tilsynsansvar for i 2017. Seks av dei 15 borna hadde ikkje fått gjennomført tilfredstillande tal tilsyn. Dvs at ni av 15 hadde fått minimumskravet med tilsyn. Ved to høve flytta barnet til anna kommune eller i eigen bustad (18 år), (barn 14 og 15), og det var då gjennomført to tilsyn i desse sakene.

Alle borna hadde fått oppnemnd tilsynsførar, men i enkelte saker hadde tilsynsførar slutta og ein såg at det kunne gå månadar før ein hadde fått på plass ny.

Tilsyn 2018:

Pr. juni 2018 hadde det blitt gjennomført mellom eitt og to tilsyn hjå alle borna. Etter at kartlegginga var gjennomført 06.07.18 kom det tilbakemelding frå barnevernet at det var motteke fire nye tilsynsrapportar på fire forskjellige barn den 10.07.18. Det er ikkje mogeleg

og konkludere på om ein vil greie å gjennomføre eit tilfredstillande antal tilsyn i 2018, men barnevernet har gitt tilbakemelding på at ein har som mål å greie dette.

Kvalitet på rapportane:

Tilsynsførarar skal levere rapport frå kvart tilsyn. Dei tilsynsrapportane som låg føre følgde stort sett same mal/utforming (standard mal). Ein såg variasjonar i kvaliteten og kor detaljerte rapportane var mellom dei forskjellige tilsynsførarane. Ein fekk tilbakemelding med barnevernstenesta at ein for nokon år sidan hadde ei samling med alle tilsynsførarane, men at dette ikkje har vore gjennomført i seinare tid.

5.1.2 Tilsyn av born frå Herøy plassert i andre kommunar

Born frå Herøy som er busett i andre kommunar der fosterheimskommunen har tilsynsansvar:

Barn	Tilsyn		Fosterheimskommune med tilsynsansvar	Kommentar
	2017	2018		
1	4	2	Ålesund	
2	4	2	Hareid	
3	4	1	Sande	
4	2	1	Haram/Ulstein	Flytta og tok tid før interkommunalt bv hadde ny tilsynsførar på plass.
5	2	1	Haram/Ulstein	Flytta og tok tid før interkommunalt bv hadde ny tilsynsførar på plass.
6	3	1	Haram	
7	0	2	Ørsta	Flytta i fosterheim 03.04.17 Var ikkje oppnemnd tilsynsførar før i starten av 2018.
8	0	2	Ørsta	Flytta i fosterheim 03.04.17 Var ikkje oppnemnd tilsynsførar før i starten av 2018.
9	2	-		Flytta i eigen bustad 23.06.17 (Myndig)
10	4	2	Herøy	Plassert i eiga kommune
11	4	2	Herøy	Plassert i eiga kommune

12	-	-	Fylkesmannen	Plassert på institusjon
13	-	-	Fylkesmannen	Plassert på institusjon

Det går fram av oversikta at fem av dei 11 borna ikkje hadde fått tilfredstillande tal tilsyn i 2017. Eit av barna (9) hadde fått gjennomført to tilsyn i første halvår og barnet flytta ut av fosterheim på sommaren, og to tilsyn er derfor tilstrekkeleg. Det er viktig og påpeike at det ikkje er Herøy kommune som er ansvarlig for tilsynsførar til desse borna, men kommunen har eit ansvar for å påsjå at ordninga kjem på plass og fungerer.

Oppfølging av barn i Institusjon:

To av sakene omhandlar born som har vore plassert på institusjon. Det låg ikkje føre tilsynsrapportar i desse sakene i sakshandsamingssystemet. Det går fram av føreskrifta «om tilsyn med barn i barnevernsinstitusjonar for omsorg og behandling» at tilsyn skal gjennomførast av Fylkesmannen eller eit tilsynsutval minimum fire gongar pr år og at det skal utarbeidast rapport frå kvart besøk. Denne rapporten skal sendast til statelig regional barnevernsteneste og institusjonen. Det er dermed ikkje lovfesta at den kommunale barnevernstenesta skal få tilsynsrapportane. Sidan prosjektet gjeld barnevernstenesta i Herøy kommune ligg det utanfor kontrollutvalet i Herøy sitt mynde å undersøke tilsyn gjort av Fylkesmannen. Det kan derimot stillast spørsmål ved kvifor ikkje den kommunale barnevernstenesta som har overteke omsorgsansvaret ikkje er ein naturleg mottakar av desse rapportane.

5.2 Vurdering

Tilsyn 2017:

Kommunen hadde 15 born i 2017 dei hadde tilsynsansvar for. Ni av 15 born hadde fått gjennomført tilfredstillande tal tilsyn. Ved seks av dei 15 var det ikkje gjennomført eit tilfredstillande tal tilsyn, men 2 av desse flytta ut i eigen bustad i løpet av året og blei det gjennomført 2 tilsynsbesøk første halvår som ein vurderer som dekkande.

Tilsyn 2018

Pr juni 2018 hadde borna fått gjennomført eit til to tilsyn. Sidan året ikkje er omme kan ein ikkje konkludere i høve om kommunen vil greie å få gjennomført eit tilfredstillande tal tilsyn i løpet av året, men barnevernstenesta har gitt tilbakemelding om at ein har som mål å greie dette.

Oppfølging av barn i institusjon:

To av sakene omhandlar born som har vore plassert på institusjon. Det låg ikkje føre tilsynsrapportar i desse sakene, då kontroll og tilsyn ligg til Fylkesmannen, sjå fakta kap 5.1.

Kvalitet på rapportane:

Det går fram av rettleiar (*Tilsyn med barn i fosterhjem kap 4*) at fosterheimskommunen har ansvar for opplæring og rettleiing av tilsynsførarane. Ein såg variasjon i kvaliteten på tilsynsførarrapportane. Kommunen bør etter behov vurdere om det er hensiktsmessig og få på plass fellessamlingar/kurs med alle tilsynsførarar. Dette vil vere spesielt viktig når nye tilsynsførarar kjem til og vil kunne bidra til å heve kvaliteten på tilsynsførarrapportane.

6 PROBLEMSTILING 3:

Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengighetserklæringa til sine tilsynsførarar?

6.1 Fakta

Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2016 med tilhøyrande anbefalingar vart vedteke av kommunestyret i sak 195/16. Det gjekk fram av pkt 3 at det må etablerast rutinar som dokumentere uavhengigheit til tilsynsførarar, dvs i forhold til både barnevernstenesta, fosterforeldre og biologiske foreldre.

6.1.1 Skriftlege rutinar

Kommunen har utarbeida rutinehandbok (15.06.2018). I rutinehandboka går det fram instruksar for Uavhengighetserklæring og politiattest:

Uavhengighetserklæring

Sakshandsamar har ansvar for å få denne signert.

«Den personen som skal føre tilsyn må ha en tilstrekkelig uavhengighetsfunksjon overfor barnevernstjenesten, fosterforeldra og barnets foreldre. Dersom barnet bor i fosterhjem i omsorgskommunen, og tilsynsbesøkene skal gjennomføres av noe med tilknytning til barnevernstjenesten, må uavhengighet ivaretas ved at tilsyn ikke utføres av en person som har hatt direkte befatning med barnevernssaken».

(«Tilsyn med barn i fosterhjem», veileder Barne- og ungdoms- og familiedirektoratet 02/2015)

Kopi av denne finn du i den gule permen på merkantikontoret merka; politiattest/uavhengighetserklæring. Elles finn du den i felles fila (der rutinane ligger) o ,appa merket malar: Felleslagringsområde (P :) - HE Barnevern- Maler- Uavhengighetserklæring.

Politiattest

Alle som arbeider/har oppdrag for barneverntenesta skal levere politiattest.

Arbeidet/oppdraget skal ikkje setjast i verk før politiattest ligg føre.

Sakshandsamar har ansvar for at det vert innhenta politiattest. Skjema for søknad om politiattest står i den blå permen merka malar på merkantikontoret, eller du finn den på nettet under <https://www.politi.no/tjenester/politiattest/>

Når politiattesten er mottatt så kryssar sakshandsamar av i familia for oppdragstakar.

Kopi av attesten skal sendast dokumentsenteret i kommuna...

Originalen oppbevarast i den gule permen på merkantikontoret merka politiattest/uavhengighetserklæring.

6.1.2 Gjennomgang av uavhengighetserklæring

Det vart etterspurt uavhengighetserklæring og politiattest for tilsynsførarar. Det låg føre uavhengighetserklæring på to av tilsynsførarane i kommunen. Iflg administrasjonen var dette dei to nye tilsynsførarane ein hadde fått sidan det førre forvaltningsrevisjonsprosjektet der denne rutinen blei anbefalt og sett i verk.

6.1.3 Gjennomgang av politiattestar

Permen som vart utlevert inneheldt også politiattestar, men det låg ved berre politiattest på ein av dei nye tilsynsførarane. Det vart etterlyst politiattest på den andre og fekk tilbakemelding om at vedkomande hadde levert inn politiattest nokon månadar før i samband med tilsetjing i Herøyskulen og at ein difor ikkje hadde politiattesten til vedkomande på barnevernkontoret. I følgje dokumententeret i kommunen har tilsynsførar tidlegare levert politiattest i samband med tilsetjing i skulen.

6.2 Vurdering

Kommunen har fått på plass skriftlege rutinar for å innhente både uavhengighetserklæring og politiattestar på sine nye tilsynsførarar. Gjennomgangen viste at dei to nye tilsynsførarane som hadde kome til sidan sist forvaltningsrevisjon hadde avgitt og signert uavhengighetserklæring. Begge hadde også levert politiattest. Kommunen har fått på plass og implementert rutinar i høve innhenting og dokumentering av uavhengighetserklæring og politiattest, men alle tilsynsførarar bør avlegge uavhengigheitserklæring og politiattest.

7 ANBEFALING

- Kommunen bør sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
- Kommunen bør ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, bør alle fosterbarna vere tilstades.
- Kommunen bør sørge for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande antal tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
- Kommunen bør etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
- Kommunen bør innhente uavhengighetserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.

8 Rådmannen sin kommentar

Fra: Evy Løfoll

Sendt: 8. oktober 2018 10:00

Til: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>

Emne: VS: Forvaltningsrevisjonsrapport - tilsyn og oppfølging barnevern Herøy

Hei...

Ser at du har høve til å kommentere forvaltningsrevisjonsrapporten.

Ønsker å gi ein kort kommentar på revisor si vurdering av oppfølgingsbesøk side 12:

Barneverntenesta har redusert antal oppfølgingsbesøk til 2 ggr i året for 3 born.

Barneverntenesta har leidt fram til slutten av 2017 dokumentert reduksjon av oppfølgingsbesøka i barnet si sak.

Ein vart på slutten av 2017 merksam på at det skulle foreligge ei administrativ beslutning vedtak.

Ein fatte då så raskt som råd vedtak om reduksjon. Dette vart gjort i januar 2018.

I vurderinga står det at barneverntenesta fatta vedtak med tilbakeverkande kraft i etterkant av «manglande» oppfølgingsbesøk.

Dette kan tolkast som om barneverntenesta bevisst prøver å endre på tala, noko som ikkje er tilfeldig.

Barneverntenesta gjennomførte dei oppfølgingsbesøka som var beslutta i 2017.

Slik barneverntenesta ser det har kommunen oppfylt krava i høve 10 av dei 11 borna.

Helsing

Evy Løfoll

Leiar barnevern

Barnevern



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
37/18	217	31.10.2018	21.11.2018	IBM

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – TILSYN OG OPPFØLGING – BARNEVERN

Samrøystes innstilling

1. Kommunestyret tek til vitede Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Tilsyn og oppfølging – barnevern – Herøy kommune. (Utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS, datert 25.09.2018).
2. Kommunestyret vedtek at revisjonen sine anbefalingar skal følgjast/utførast:
 1. Kommunen må sette i verk tiltak slik at barnevernstenesta får gjennomført tilfredstillande tal tilsyn i alle fosterheimar jfr. minimumskrava.
 2. Kommunen må ha som mål at ved oppfølgingsbesøk i fosterheimar med fleire fosterheimsbarn, må alle fosterbarna vere til stades.
 3. Kommunen må sørge for at alle barn ein har tilsynsansvar for, får gjennomført tilfredstillande tal på tilsyn jfr. minimumskrava i rettleiar.
 4. Kommunen må etter behov vurdere kurs/fellessamling med tilsynsførarar mht, rapportskriving .
 5. Kommunen må innhente uavhengigheitserklæring og politiattest av også tidlegare oppnemnde tilsynsførarar.
3. Kommunestyret vedtek at rådmannen rapporterer om status for gjennomføringane av anbefalingane, og eventuelt vidare framdrift, til kontrollutvalet innan **01.05.2019**.

Vedlegg

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS. *Forvaltningsrevisjonsprosjekt – tilsyn og oppfølging - barnevern – Herøy kommune.*

Saksopplysningar

Vedtak for prosjektet

Kontrollutvalet i Herøy kommune gjorde i sak 14/18 vedtak om å få gjennomført eit forvaltningsprosjekt knytt til tilsynsførarordninga i barnevernet.

Målsetting

Kontrollutvalet ønskte å få belyst om kommunen hadde fått på plass rutinar og gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk på dei borna ein har under omsorg, men og om borna hadde fått tildelt tilsynsførar og fått tilfredstillande antal tilsyn, samt kvaliteten på rapportane. I tillegg ønskte ein å sjå om kommunen hadde fått på plass rutinen mht å dokumentere

uavhengighetserklæring og politiattest til tilsynsførarar slik det blei anbefalt i tidligare forvaltningsrevisjon (2016) jfr k- sak 196/16

Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS kjem med følgjande vurderingar og konklusjonar:
Problemstilling 1:

Har kommunen gjennomført tilfredstillande antal oppfølgingsbesøk i høve fosterborn?
Herøy kommune hadde i kontrollperioden 01.01.2017 – og fram til 01.07.2018 totalt 13 born ein hadde overteke omsorga for. To av dei var plasserte på institusjon, tre var plasserte i Herøy kommune og resten i andre kommunar. Kommunen hadde derfor totalt 11 born ein hadde oppfølgingsansvar for, då Fylkesmannen har tilsynsansvar for institusjonar.

Gjennomgangen viste at barnevernet hadde gjennomført fire eller fleire oppfølgingsbesøk til fem av dei 11 borna, men til seks av borna var det gjennomført under fire oppfølgingsbesøk. To av borna hadde flytta til fosterheimen våren 2017 og fått tre besøk i løpet av året. Eit barn hadde fylt 18 og flytta ut, og hadde fått to oppfølgingsbesøk. Totalt sett vurderer ein det slik at kommunen oppfylte krava til åtte av dei 11 borna.

I eit par av sakene der to fosterbarn budde i same fosterheim registrerte ein at fosterheimsbesøka var gjennomført samtidig og i enkelte tilfelle var ikkje begge borna tilstades. Omsorgskommunen/ barnevernstenesta skal følgje opp og føre kontroll med kvart enkelt barn sin situasjon i fosterheimen. Det bør derfor ikkje gjennomførast tilsynsbesøk der barnet ikkje er tilstades.

Kvaliteten på rapportane for oppfølgingsbesøk var i stor grad god, og gav eit godt bilde av situasjonen i fosterheimen.

Problemstilling 2:

Har borna fått tildelt tilsynsførar, og har det vore gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn?

Herøy kommune hadde pr 2017 tilsynsansvar for 15 born. Det var gjennomført tilfredstillande antal tilsyn til 9 av 15 born, i 6 av dei 15 var det ikkje gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn. Alle borna hadde fått oppnemnd tilsynsførar, men i enkelte saker hadde tilsynsførar slutta i løpet av året og ein såg at det kunne gå månadar før ein hadde fått på plass ny.

Pr juni 2018 var det gjennomført eit til to tilsyn til alle borna. Sidan året ikkje er omme kan ein ikkje konkludere i høve om ein vil greie å få gjennomført eit tilfredstillande antal tilsyn i løpet av året, men barnevernstenesta har gitt tilbakemelding om at ein har som mål å greie dette.

Dei tilsynsrapportane som låg føre følgde stort sett same mal/utforming (standard mal). Ein såg variasjonar i kvaliteten på rapportane og kor detaljerte rapportane var mellom dei forskjellige tilsynsførarane. Enkelte rapportar gav lite informasjon/beskriving av situasjonen til barnet. Kommunen bør etter behov vurdere om det er hensiktsmessig og få på plass fellessamlingar/kurs med alle tilsynsførarar. Dette vil vere spesielt viktig når nye tilsynsførarar kjem til og vil kunne bidra til å heve kvaliteten på tilsynsførarrapportane.

Problemstilling 3:

Har kommunen fått på plass rutinar mht. å dokumentere uavhengighetserklæringa av tilsynsførarar?



